



Sunnmøre
friluftsråd



ÅRSRAPPORT 2023



Friluftsliv for helse, miljø og trivsel



*Frå strategisamling på Alnes i januar 2024. Finns ikkje dårleg vêr, altså! Bak f.v. Pål Henry Høyberg, Inger Bakke, Randi Kjærstad Hagerup, Linda Bakken, Torgeir Sund, Christer Lundberg Nes, Roger Wolstad og Christian Ødegaard. Framme f.v: Malin Y. Giske, Malin Therese Fiksdal, Hilde Ellingsæter og Anne Berit Støyva Emblem.
Foto: Jan Ove Skodje.*

Om Sunnmøre friluftsråd

Sunnmøre friluftsråd er eitt av 29 friluftsråd i Norge og er ein del av Friluftsrådernes Landsforbund (FL). Vi vart oppretta i 1974, den gongen som Friluftsrådet for Ålesund og omland, og skifta namn til Sunnmøre friluftsråd i 2015. I 2024 er vi 50 år!

Vi er eit interkommunalt oppgåvefelleskap (KO) etter kommunelova med ei eiga samarbeidsavtale for fellesskapet. Dei 15 eigarkommunane i friluftsrådet er: Fjord, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vestnes, Volda, Vanylven, Ørsta og Ålesund. Vi dekker om lag 158.000 innbyggjarar.

Friluftsrådet arbeider for eit naturvennleg, berekraftig og lite utstyrskrevjande friluftsliv for alle. Folkehelse er fundamentet i alt vi gjer. Vi skal, i samarbeid med deltakarkommunane, andre offentlege styresmakter,

organisasjonar og frivillige, fremje allsidig og miljøvennleg friluftsliv i regionen. Vi skal stimulere til friluftsliv til beste for trivsel og helse for alle og skape større forståing for nytten av friluftsliv.

- Administrasjonen i friluftsrådet skal fungere som kompetansesenter for friluftsliv for deltakarkommunane og andre samarbeidspartar, samt vere ein pådrivar og høyringsinstans i viktige saker for friluftslivet.
- Friluftsrådet skal legge til rette for fysisk aktivitet.
- Friluftsrådet skal arbeide med sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag.
- Gjennom Skjergardstenesta Møre og Romsdal skal friluftsrådet gjere sjøbaserte friluftslivsområde attraktive og tilgjengelege.
- Friluftsrådet skal jobbe for ei reinare fjøre. Vi koordinerer og legg til rette for frivillig og profesjonelt arbeid mot marin forsøpling.

Framsdebilde er banneret på den nye nettsida vår.

Alle bilde i rapporten som ikkje er merka med fotografnamn tilhøyrrer friluftsrådet.

Innhald

Styreleiar har ordet	4-5
Styret og representantskapet 2023	6-8
Administrasjonen	9-13
Aktivitetsarbeid i skule og barnehage	14-21
Kajakk i skulen/kajakknnettverket	14-15
Utandørs livredningsprøve	16-17
Friluftslivets bærekraftsplakat	17
«Slå på ringen»/leikepatruljen.....	18-19
Innvandrarprosjektet «Naturen som eg er ein del av»	20-21
Aktivitetsarbeid i fritida	22-27
Naturmøteplassen	22-23
Friluftsskular	24
Turkalender	25
Kom UT i haustferien	25
Padlefestival UNG	25
Utleige av to færingar	25
Lån av friluftsutstyr	26
Turkort-hefte/nettside med turskildring	27
StikkUT! - og andre turrutebasar	28-33
Stikk UT! 2023	28-31
Prosjekt i regi av fylket	32-33
Friluftslivets ferdselsårer – kommunale planar.....	32
Friluftsbarameterer - Nytt prosjekt 2024.....	33
Sikring og tilrettelegging av friluftsområde	34-35
Statleg sikring og forvaltningsplanar.....	34
Skjøtsel og drift gjennom året	35
Kontor, verkstad, lager og driftsutstyr.....	35
Marin forsøpling	36-39
Marin forsøpling 2023	36-37
Rydd Norge 1 og 2	38-39
Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal	40-43
Drift sjøbaserte friluftsområde	40-43
Medieomtale	44-46
Økonomi og rekneskap	48-49
Vedlegg til årsrapporten	50-57
Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane	50
I tillegg har Friluftsrådet heilt eller delvis ansvaret i desse områda	51
Oversikt egedelar i Sunnmøre friluftsråd (KO)	52
Gjeldande samarbeidsavtale for Sunnmøre friluftsråd (KO)	53-55

Styreleiar har ordet

Denne årsrapporten viser stor aktivitet og eit breitt spekter av tiltak. Det er imponerande!

Med nesten 1 million registrerte turar i sommar-sesongen 2023 opprettheld Stikk UT! posisjonen som det fremste folkehelseiltaket i fylket. Om lag 15 prosent av innbygarane i fylket deltok. Det er kjekt å sjå den store interessa.

Også prosjektet «Slå på ringen» har skapt stor aktivitet på skulane rundt om i kommunane.

Driftsarbeidet, skjergardstenesta og arbeidet mot marin forsøpling har hatt større aktivitet på grunn av Rydd Norge-programmet (Rydd Ytre kyst Ålesund-Giske).

Framfor alt kan vi summere opp at året 2023 til fulle har vist kor viktig friluftslivet og tilboda frå friluftsrådet er for trivsel og helse til befolkninga.

I 2023 flytta friluftsrådet frå kontorlokasjon på Kongshaugstranda i Sula kommune til Digerneset på Skodje i Ålesund kommune. Den nye plasseringa gjer det lettare for folk å stikke innom kontoret.

Målt etter omsetning og tal på tilsette, er Sunnmøre



Styreleiar Eva Hove

friluftsråd (KO) eit av dei største friluftsråda i landet. Vi er eitt av få som arbeider med heile spekteret, frå rådgjeving til kommunane, kurs og aktivitetar i friluftsliv for alle målgrupper, tilrettelegging, drift og skjøtsel av friluftslivsområde, marin forsøpling og skjergardsteneste.

Sentralt har Friluftsrådernes Landsforbund fått ny styreleiar, Tom Tvedt, og ny dagleg leiar, Paul Waaler. Vebjørn Krogsæter takka av etter fleire år som styreleiar for friluftsråda i Norge.



Stikk UT!-møte med nokre av kommunekontaktene våre samla på kaia ved vår nye lokalitet på Digerneset. F.v.: Mathilde Solbakken og Kai Oskar Eidsvik (begge Ålesund), Hilde Ellingsæter (prosjektansvarleg Stikk UT! i Sunnmøre friluftsråd), Liv Synnøve Hoel (prosjektansvarleg Stikk UT! i Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal), Ragnhild Stadheim (Stranda), Kristi Linge Stakkestad (Fjord), Silje Kiperberg Aksnes (Hareid), Kristin Erika Solli (Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal) og Anne Berit Støyva Emblem (dagleg leiar Sunnmøre friluftsråd).



Takk!

Mange fortener stor takk for innsatsen:

- Kommunane som legg til rette for friluftsliv
- Økonomiske støttespelarar som bidreg til at Sunnmøre friluftsråd kan gjere jobben: Kontingent frå medlemskommunane, Miljødirektoratet, Møre og Romsdal Fylkeskommune, Handelens Miljøfond, Sparebanken Møre, Gjensidigestiftelsen, Lions, Wattn med fleire.
- Dei mange frivillege som stiller til dugnad i ulike samanhengar.
- Styremedlemmene
- Alle medarbeidarar som med iver og ansvar sørger for prosjektinntekter og gjennomføring
- Takk til samarbeidspartnarar i ulike prosjekt: Høgskulen i Volda, Skattekontoret Ålesund, Røde Kors, Statens Naturoppsyn, frivillig-sentralar, Fridykkerne i Ålesund, Plastfritt Hav, Plastpiratene, TAVAHA, vaksenopplæringa, Statsforvaltaren, Møre og Romsdal fylkeskommune med fleire

Medlemskontingent kommunane i 2023

Kommune	Innbyggartal	Medlemskontingent
Ålesund	67 447	1 366 476
Fjord	2 494	50 528
Giske	8 692	176 100
Hareid	5 159	104 521
Herøy	8 842	179 139
Sande	2 442	49 475
Stranda	4 421	89 569
Sula	9 636	195 225
Sykkylven	7 630	154 584
Ulstein	8 797	178 227
Vanylven	3 013	61 043
Vestnes	7 051	142 853
Volda	10 960	222 050
Ørsta	10 929	221 422
SUM	157 513	3 191 213

Styret 2023

Eva Hove - Fjord

styreleiar

Berit Sandvik Skeide - Ulstein

nestleiar

Jan Ove Skodje - Giske

styremedlem

Annika Brandal – Hareid

styremedlem

Linn-Therese Hansen Sævik - Herøy

styremedlem

Sindre Slettestøl – Sande

styremedlem

Petter Hjørungdal - Stranda

styremedlem

Nils Erik Bjørkavåg - Sula

styremedlem

Trond Bonesmo - Sykkylven

styremedlem

John Willy Klungre - Vanylven

styremedlem

Jon Kåre Osdal - Vestnes

styremedlem

Ola Einang - Volda

Styremedlem

Karen Høydal - Ørsta

Styremedlem

Jarle Hauge Steffensen - Ålesund

styremedlem

Thea E. Vestre Aasen - Ålesund

styremedlem

Janet Roelofs - Ålesund

styremedlem

Christer Lundberg Nes - tilsettrepr. i styret

Styret og representantskapet 2023

Styremedlemmar 2023

Kommune	1.1.2023 -29.3. 2023	Verv	30.3.-31.12 2023
Fjord	Eva Hove Andreas Håvoll	Styreleiar Vara	Eva Hove Andreas Håvoll
Ulstein	Berit Sandvik Skeide Magnar Taklo	Nestleiar Vara	Berit Sandvik Skeide Magnar Taklo
Giske	Jan Ove Skodje Louise Kristin Haahjem	Styremedlem Vara	Jan Ove Skodje Louise Kristin Haahjem
Hareid	Annika Brandal Bernhard Harkjerr	styremedlem vara	Annika Brandal Bernhard Harkjerr
Herøy	Linn-Therese Hansen Sævik Sigurd Nygard	Styremedlem Vara	Linn-Therese Hansen Sævik Sigurd Nygard
Sande	Sindre Slettestøl Anders Bringsvor	Styremedlem Vara	Sindre Slettestøl Anders Bringsvor
Stranda	Jan Håkon Vikane Bodil Trondstad Lie	Styremedlem Vara	Petter Hjørungdal Bodil Trondstad Lie
Sula	Nils Erik Bjørkavåg Karoline Antonie Slinning	Styremedlem Vara	Nils Erik Bjørkavåg Karoline Antonie Slinning
Sykkylven	Trond Bonesmo Eva Eline Tandstad	Styremedlem Vara	Trond Bonesmo Eva Eline Tandstad
Vanylven	John Willy Klungre Lilli Ann Bakkebø	Styremedlem Vara	John Willy Klungre Lilli Ann Bakkebø
Vestnes	Jon Kåre Osdal Hilde Legernes	Styremedlem Vara	Jon Kåre Osdal Sissel Vik Vesseli
Volda	Ola Einang Annlaug Sunde Stokke	Styremedlem Vara	Ola Einang Annlaug Sunde Stokke
Ørsta	Karen Høydal Stein Aam	Styremedlem Vara	Karen Høydal Stein Aam
Ålesund	Jarle Hauge Steffenssen Anders Lindbeck Janet Roelofs Nora G. Morken Farstad Thea Elise Vestre Aasen Ewa Hildre	Styremedlem Vara Styremedlem Vara Styremedlem Vara	Jarle Hauge Steffenssen Anders Lindbeck Janet Roelofs Nora G. Morken Farstad Thea Elise Vestre Aasen Ewa Hildre
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes Randi Kjærstad Hagerup	Styremedlem Vara	Christer Lundberg Nes Hilde Ellingsæter

Etter representantskapsmøtet 29. mars 2023 bestod arbeidsutvalet av styreleiar Eva Hove, nestleiar Berit Sandvik Skeide og Jon Kåre Osdal. Jarle Hauge Steffenssen satt i AU fram til representantskapsmøtet.

Tilsettere representant frå Sunnmøre friluftsråd (KO) har møte- og talerett i styret, jamfør samarbeidsavtalen.



Handsaming av styresaker i 2023

Styret har hatt fire styremøte gjennom året. I alt har styret handsama 31 saker, til dømes:

- Rekneskap, budsjett, årsrapport og treårig handlingsplan m/arbeidsplan 2023.
- I kvart styremøte har det også vore orienteringar om status økonomi, innvilga/avslåtte søknader, generell framdrift og orientering om interne forhold (personal, lønnsforhandling, HMS, flytteprosess)
- Ny lokalitet for friluftsrådet
- Friluftslivets ferdselsårer, kartleggingsprosjekt i kommunane
- Marin forsøpling: Gjennomføring Rydd ytre kyst Sunnmøre Nord og andre aksjonar
- Evaluering av StikkUT!-sesongen og etablering av Stikk UT! Norge-prosjektet
- Vidareføring av prosjektet «Slå på ringen»
- Statleg sikring og fornying av forvaltningsplanar, orientering og påminning til kommunane
- Jubileumsåret 2024
- Ny nettside



Styret i Sunnmøre friluftsråd. F.v.: Christer Lundberg Nes (tilsettere representant), Trond Bonesmo (Sykkylven), Petter Hjørungdal (Stranda), Jon Kåre Osdal (Vestnes), Annika Brandal (Hareid), Jarle Hauge Steffensen (Ålesund), styreleiar Eva Hove (Fjord), Janet Roelofs (Ålesund), Karen Høydal (Ørsta), Thea Elise Vestre Aasen (Ålesund), Ola Einang (Volda) og Sindre Slettestøl (Sande). Berit Sandvik Skeide, Jan Ove Skodje, Linn-Therese Hansen Sævik, Nils Erik Bjørkavåg og John Willy Klungre var fråverande under bildetakinga.

Representantskapsmøtet 2023

Sunnmøre friluftsråd er organisert etter kommune-lova som eit kommunalt oppgåvefelleskap (KO). Øvste organ er representantskapet med to representantar frå kvar av deltakarkommunane. Representantskapsmøtet for 2023 vart halde i Langevågen i Sula kommune i slutten av mars.

Før representantskapsmøtet var det omvising i friluftsområde Vasset friluft- og idrettspark ved Langevåg stadion. Der sørger einingsleiar kultur Ingunn Krosby i Sula kommune og Vegard Eikrem, dagleg leiar i Langevåg idrettslag, for ei god omvising og orientering om arbeidet med opparbeiding av idrettsparken, friluftsområdet og stiane i kring.



Inger Bakke presenterer prosjektet «Slå på ringen» for Representantskapet.

Tilbake i møtelokalet ønska ordførar Jim Arve Røssvoll representantskapet velkomne til Sula, og orienterte om kommunen og friluftsarbeidet deira. Før sjølve representantskapsmøtet starta, orienterte dagleg leiar og prosjektleiar Inger Bakke i friluftsrådet om uteleikprosjektet «Slå på ringen» som omfattar alle skulane i medlemskommunane våre.

Representantskapet handsama vanlege årsmøtesaker, og valde deretter nytt styre etter innstilling frå kvar kommune. Alle i styret vart gjenvalde, berre to vararepresentantar var nye. Også styreleiar Eva Hove og nestleiar Berit Sandvik Skeide vart gjenvalde.



Styreleiar Eva Hove og nestleiar Berit Sandvik Skeide.

Ny kontorlokasjon 2023

I mars 2023 flytta Sunnmøre friluftsråd inn i nye lokale, i dei tidlegare lokala til Byggtorget Digernes. Kontora er i 2. etasje i trebygget som JKE er i. Her har vi også eit relativt stort møterom som gir oss moglegheit til å arrangere møter og kurs.

Friluftsrådet har dermed også tilgang til eit sjønært lager med god plass i bygg rett ved sidan av. Her er det mellom anna plass til dei 50 kajakkane, samt forskjellig utstyr som både aktivitet- og driftsområdet til friluftsrådet nyttar.

Besøks- og postadresse:
Stettevegen 73
6260 Skodje



F.v.: Anne Berit, Pål, Jan Arne Finnøy (Byggtorget) og Hilde med dei nye lokala på Digerneset bak.

Ny nettside i 2023



Skjermdump av startside www.friluftsradet.no

Like før jul kunne friluftsrådet endelig lansere si nye nettside! Behovet for ny nettside har vore der lenge grunna utdatert system og ønske om ei moderne nettside med betre funksjonalitet og brukaroppleving. Arbeidet med nettsida tok til tidleg på vårparten. Det har vore mange rundar på korleis vi skulle bygge opp sida for at den skal vere logisk å finne fram i.

Det har vore nokså tidkrevjande å fylle opp sida med innhald då vi styrar med svært mykje, og har påmeldingar og nettbutikk.

Innhaldet i ny nettside er delt inn i desse menyane som igjen har undermenyar med friluftstilboda våre:

- OM OSS
- AKTIVITETSTILBOD
- SKULE/SFO/BHG
- UT PÅ TUR
- FRILUFTSOMRÅDE
- SJØ OG STRAND
- NETTBUTIKK



Startside synleggjer dei viktigaste samarbeidspartnarane, samt kommunalogoane med link til kvar heimeside.

Administrasjonen

Tilsette

Per 31.12.23 har friluftsrådet ni faste tilsette som utgjer 8,3 årsverk, samt ein midlertidig tilsett 0,8 årsverk og ein vikar 1 årsverk (for eitt av dei faste årsverka).

Gjennom året har friluftsrådet også hatt omlag 20 tilkallingshjelper/timelønnte som til saman utgjorde om lag to årsverk (innleigde som instruktører og medhjelparar i driftsarbeidet, friluftsskulane, Leikepatroljen og ulike friluftslivsarrangement).

Endringar i staben i 2023: Roger Wolstad vart tilsett som vikar som fagleiar for marin forsøpling frå juni 2023 (for Malin Therese Fiksdal som er i permisjon). Dagleg leiar hadde gradert permisjon på 31 prosent ut oktober grunna offentleg verv. Christian Ødegaard var tilbake i 100 prosent stilling frå mai etter ei tid med 20 prosent velferdspermisjon. Linda Bakken var time-lønna hausten 2023, og gikk over i midlertidig prosjektstilling 0,6 årsverk etter nyttår.



Anne Berit Støyva Emblem

Dagleg leiar

M: 908 15 035

E: anne.emblem@friluftsradet.no



Christer Lundberg Nes

Fagleiar Aktivitet

Kurs og opplæring for skular og bhg.

Fritidstilbod for barn og unge

M: 912 46 400

E: christer@friluftsradet.no



Hilde Ellingsæter

Prosjektleiar

Stikk UT!, Naturmøteplass m.m

M: 977 09 653

E: hilde@friluftsradet.no



Torgeir Lausund Sund

Leiar Skjærgårdstjenesten

Møre og Romsdal

M: 900 46 092

E: torgeir@friluftsradet.no



Christian Ødegaard

Medarbeidar Skjærgårdstjenesten

Møre og Romsdal

M: 457 66 666

E: christian@friluftsradet.no



Pål Henry Høyberg

Driftsleiar anlegg land

M: 468 95 705

E: paal@friluftsradet.no



Inger Bakke

Prosjektleder

Slå på ringen, Friluftaktivitet innvandrere

M: 482 18 981

E: inger@friluftsradet.no



Malin Therese Fiksdal

Fagleiar Marin forsøpling
(permisjon)

M: 482 31 905

E: malin.fiksdal@friluftsradet.no



Roger Wolstad

Fung. fagleiar Marin forsøpling
(vikariat frå juni)

M: 986 74 740

E: roger@friluftsradet.no



Randi Kjærstad Hagerup

Prosjektkoordinator Marin forsøpling

Rydd ytre kyst (midlertidig)

M: 468 08 487

E: randi@friluftsradet.no



Malin Y. Giske

Bistår på tvers av prosjekta

M: 959 353 74


E: malin@friluftsradet.no

Møte, representasjonsoppgaver og anna

Gjennom heile året er friluftsrådet vanlegvis med på ei rad møter, kurs, synfaringar m.m. i samband med arbeidet vårt. Dette gjeld både lokalt i medlemskommunane, på fylkesnivå og nasjonalt.

I tillegg blir både dagleg leiar og andre av dei tilsette ofte inviterte til å halde foredrag i ulike fora og fortelje om arbeidet til friluftsrådet, mellom anna ved Høgskulen i Volda. Fylkeskommunen er ein viktig samarbeidspartner/oppdragsgiver på prosjekt som Friluftslivets ferdselsårer. Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal (FNR) er ein viktig samarbeidspartnar særleg når det gjeld Stikk UT!, men også på fleire andre område. Sunnmøre friluftsråd er medlem i Friluftsrådernes Landsforbund (FL), Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF) og Nettverk marin forsøpling Møre og Romsdal.

Vi har delteke på leiarsamling i friluftsråda på Gardermoen i februar, stikonferansen i Tromsø i mars, Hold Norge Rent-konferansen i Oslo i mai, Fylkeskulturkonferansen i mai, tilsettesamling for friluftsråda i Haugesund i juni, landskonferansen for friluftsliv i Kirkenes i Finnmark i september, fylkeskonferanse i folkehelse i regi av fylkeskommune/statsforvaltar/idrettskrinsen i Molde i oktober, og Miljødirektoratets friluftslivssamling for samarbeidspartnarar i Trondheim i november.



Ny venn til Torgeir. Samling i Stavanger for Skjærgårdstjenesten.



FNF synfaring saman med Miljøfagleg Utredning til utvalde turstiar knytt til oppdrag «Naturhensyn i opparbeiding av stier i Møre og Romsdal». F.v. Ola Fremo (FNR), Ingbjørn Bredli (FNF), Monica Malmedal, Åsmund Steen (DNT), Anne Berit Støyva Emblem (SF) og Jens Arne Gjørsvik (Ålesund kommune).



Tilsettesamling i Kirkenes i september: Pål og Hilde ved Grense-Jacobselv med russisk territorium på andre sida av elva.



Kveldstur til Storsteinen med utsikt over Tromsø. Hilde og Pål deltok på stikonferansen i mars.



Stabssamling friluftsrådet på Lepsøya i januar.



Leiarsamling på Gardermoen i februar. Fv. Anne Berit, Eva, Mani Hussaini (Miljødepartementet) og Hedda Foss Five (FL).



Vebjørn Krogsæter vart takka av som leiar i Friluftrådenes landsforbund i Haugesund mai 2023.



Anne Berit, Hilde og Pål på styremøte i FL etter friluftssamlinga i Haugesund i mai.

Aktivitetsarbeid i skule og barnehage

Kajakk i skulen/kajakknettverket

2023 var det 5. året med nettverksarbeid om meir og betre bruk av kajakk i skulen. Og friluftsrådet har i 2023 opplevd ei svært stor interesse frå skulane om å bli med. Frå 2022 har vi meir enn dobla talet på lærarar som er med! Ved inngangen til 2024 er det gjort skriftlege avtalar med til saman 20 skular og for totalt 104 lærarar!

I 2023 har friluftsrådet gjennomført:

- 10 skulebesøk med presentasjon av kajakknettverket, Læring i friluft og stadbasert læring
- 4 grunnkurs
- 1 teknikkurs
- Bassengtrening
- 1 fagdag på Atlanterhavsparken

Fagdagen er ein dag med fagleg påfyll og erfaringsdeling. Den vart gjennomført i samarbeide med pedagogane ved Atlanterhavsparken i Ålesund. Det var ein svært vellukka og lærerik dag der vi lagde laksewok, drog teine og garn, leita med håvar og samleboksar og studerte og lærte om alt vi fann i fjøra.

På grunn av den kjempestore interessa, vart det ikkje gjennomført nytt aktivitetsleiarkurs i 2023.

Kajakk i skulen-prosjektet har hittil utdanna 16 lærar til aktivitetsleiarar.

I 2023 fekk 500 elevar ved ungdomsskulane og 220 elevar i barneskulane kajakkundervisning med eigne lærarar. Undervisninga er gjennomført av eigne lærarar som er utdanna aktivitetsleiarar gjennom prosjektet, og med kajakkar lånt frå Sunnmøre friluftsråd.

Kajakk i skulen vart gjennomført i samarbeid med Dag Roland (Rettleiar hav, NPF). Overordna mål med prosjektet «Kajakk i skulen» er at lærarane skal kunne drive kajakkaktivitet og læring i friluft med eigne elevar på ein trygg måte.

Måla er vidare å:

- Trygge at det blir eit fagleg kajakkmiljø ved kvar skule som deltek ved at fleire lærarar er med i prosjektet.
- Kvalitetssikre kunnskap og ferdigheiter i kajakkpadling til kvar enkelt lærarar ved å utdanne dei til aktivitetsleiarar i Padleforbundet.
- Stimulere til samarbeid, erfaringsdeling og fagleg utviklingsarbeid gjennom nettverksarbeid mellom fleire skular.



Rettleiar Christer Lundberg Nes viser og fortel om sukkertare til lærarar på grunnkurs kajakk 2023. Foto: Dag S. Roland.



Fagdag på Atlanterhavsparken. Jeanett Giske Hjelle ved Atlanterhavsparken informerer om fagdagen til lærarane. Foto: Dag S. Roland.



Pedagog Jeanett Giske Hjelle (t.h.) i Atlanterhavsparken fortel om bruk av bestemmingsdukar og meir om kva vi har funne. Foto: Dag S. Roland.



Nysgjerriger, lærarane på leiting etter liv og algar i fjøra. Foto: Dag S. Roland.



Synnøve Haug på grunnkurs kajakk i 2023. Foto: Christer Lundberg Nes.



Balansetfordring på flåte. Lærarar på grunnkurs kajakk i 2023. Foto: Dag S. Roland.

Utandørs livredningsprøve



Frå utandørs livredningskurs. Foto Christer Lundberg Nes

Utandørs livredningsprøve og kurs vert gjennomført i samarbeid med Morten Gjerseth. Morten er fysioterapeut i Volda og instruktør gjennom Norges Livredningsforbund.

Utandørs livredning og utesymjing står spesifikt som eit kompetansemål i læreplanane i skulen. Etter læreplanen i kroppsoving skal elevane når dei går ut frå ungdomsskulen «forstå og gjennomføre livberging i, på og ved vatn ute i naturen». (KRO01-05, Utdanningsdirektoratet)

Det er utarbeida ein rettleiar som skal hjelpe skulane til å forstå kva tryggleiksrutinar og kompetansekrav som trengs for å drive undervisning eller aktivitetar med barn i, ved og på vatn. Ordlyden «i, på og ved vatn» sett med andre ord krav til rutinar og kompetanse også for å ta med borna på stranda eller langs ei elv eller vatn. Rettleiaren som heiter «En veileder til trygg opplæring i, ved og på vann og bading i skolens regi» kan ein laste ned på svømmedyktig.no.

Det er derfor eit stort behov for kompetanseheving om utandørs symjing og livredning i skular, SFO og barnehagane i medlemskommunane.



Frå utandørs livredningskurs. Foto Christer Lundberg Nes.

Friluftsrådet har gjennomført utandørs livredningskurs og livredningsprøve sidan 2011.

Kursa til friluftsrådet er svært praktiske med mykje erfaringslæring og didaktikk.

Friluftsrådet har i 2023 gjennomført 4 kurs for lærarar frå tre ulike kommunar for totalt 44 lærar.

FRILUFTSLIVETS BÆREKRAFTSPLAKAT

FNs bærekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringene innen 2030.

Sunnmøre friluftsråd ønsker å bidra aktivt til å oppfylle disse måla



Vi vil:



MÅL 3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET

- Bidra til god fysisk og psykisk helse gjennom å jobbe for et friluftsliv for alle, som består av både organisert og egenorganisert aktivitet
- Sikre at alle barn og unge lærer grunnleggende friluftslivsferdigheter
- Tilrettelegge friluftslivsområder for sosialt fellesskap
- Arbeide for gode rammevilkår for frivilligheten, og gjøre det enkelt og attraktivt å være frivillig



MÅL 4 GOD UTDANNING

- Heve skolens kompetanse på bruk av naturen som læringsarena, og jobbe for at dette prioriteres i skolens planverk og i lærerutdanningen
- Skape økt forståelse for at naturen er forutsetningen for menneskets eksistens og livskvalitet



MÅL 9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR

- Støtte opp om forskning og andre tiltak som bidrar til et mer bærekraftig friluftsliv



MÅL 10 MINDRE ULIKHET

- Sikre allemannsretten som et gratis fellesgode
- Styrke inkluderings- og mangfoldsarbeidet, og legge til rette for at alle skal kunne delta i friluftslivet
- Støtte, etablere og bidra til drift av utlånsentraler for utstyr til fritidsaktiviteter



MÅL 11 BÆREKRAFTIG BYER OG LOKALSAMFUNN

- Sikre natur- og friluftslivsområder med åpne og inkluderende møte- og aktivitetsplasser, nær der folk bor
- Arbeide for at det skal etableres flere gang- og sykkelveier, stier og turveier
- Øke anerkjennelsen av frivillighetens egenverdi og betydning for å skape samfunn preget av tillit, trygghet og tilhørighet



MÅL 12 ANSVARLIG FORBRUK OG PRODUKSJON

- Inspirere til friluftsliv som handler om opplevelser og ikke utstyr
- Vektlegge nærfriluftsliv og opplevelser som ikke krever mye utstyr eller store anlegg
- Redusere forbruket av friluftsutstyr og -klær ved å fremme krav til kvalitet og stimulere til deling og gjenbruk



MÅL 13 STOPPE KLIMAENDRINGENE

- Redusere friluftslivets klimaavtrykk ved å arbeide for mer klimavennlig transport i ferie og fritid, og fremme kortreiste hverdagsopplevelser i nærmiljøet



MÅL 14 OG 15 LIVET I HAVET | LIVET PÅ LAND

- Informere om, og inspirere til, sporløs ferdsel i naturen
- Fremme naturvennlig tilrettelegging og kanalisering av ferdsel og annen friluftslivsaktivitet der det er behov av hensyn til sårbar natur
- Verne om viktige friluftslivsområder, spesielt områder nær der folk bor, strandsonen, bymarker og større sammenhengende skog- og fjellområder
- Stimulere til og koordinere rydding av avfall langs kysten og i naturen ellers



MÅL 17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLENE

- Videreføre et bredt samarbeid for et mer bærekraftig friluftsliv, både mellom friluftslivsorganisasjonene og med myndighetene
- Formidle våre bærekraftserfaringer i internasjonalt samarbeid, og hente kompetanse og inspirasjon fra andre land
- Inspirere alle som bedriver friluftsliv til å engasjere seg for å oppfylle FN's bærekraftsmål

«Slå på ringen»/leikepatruljen

Tal for 2023:

- 44 arrangement for elevar med 1 990 deltakarar
- 11 kurs for vaksne i barneskulen med 455 deltakarar
- Produsert 25 nye filmar med uteleikar og publisert dei på youtube
- Sett i gang med eit prøveprosjekt i samarbeid med Røde kors som vi har kalla «Med mose og håret og plaster på såret».

Sunnmøre friluftsråd driv prosjektet «Slå på ringen» – uteleik for betre folkehelse, som famnar om alle barneskulane på Sunnmøre på fjerde året.

Prosjektet er retta mot både elevar og tilsette og har mål om å få fokus på meir uteleik, tryggleik, rørsle og glede i skulegardane. Tilbodet er gratis for skulane som er med. Målet med «Slå på ringen» å skape større merksemd rundt uteleiken. Vi vil inspirere til enkel og variert uteleik. I ei tid der fysisk aktivitet og trening blir målt i pulsslag og kilometer, vil vi bidra til å styrke kunnskapen om og kjennskapen til kva uteleiken er og kva den gjer med oss. Uteleik er mykje meir enn frisk luft og fysisk aktivitet. Her møttest framtidsferdighetene og fagfornyinga. Leik, rørsle, samhandling og læring heng saman. «Slå på ringen» styrkar den enkle, genuine og sjølvdrivne uteleiken. Dette gjer vi gjennom kurs for elevar, tilsette i skulen og andre.

Vi har sett over tid at uteleiken har fått mindre plass både i skulen og på fritida. Barna og dei vaksne sitt leikerepertoar er betydeleg mindre enn berre for eit tiår sidan. Som ein konsekvens av dette, har truleg dei motoriske ferdigheitene blitt svekka, den kreative stimuleringa av sansane fått mindre fokus og den sosiale samhandlinga blir ikkje utfordra i same grad som tidlegare. Med «Slå på ringen» arbeider vi dagleg med å auke medvitet om kvifor leiken er så viktig og utvikle og dele praktiske metodar for å styrke dette.

«Slå på ringen» består av Leikepatruljen, inspirasjonssamlingar for elevar frå 50 barneskular på Sunnmøre to gongar i året, Prøvekaninane, rørsle- og uteleikverkstad for alle tilsette på kvar skule og «Digitalt digg», ein digital leikebank med filma uteleikar. Her blir det produsert og publisert filmar kontinuerleg.

«Slå på ringen» har blitt svært godt motteke i alle skular, både blant elevar og tilsette, og vi ivrar etter å



Kjekt med uteleik! Inger Bakke er engasjert prosjektleiar.

halde fram og utvikle dette prosjektet til glede for endå fleire.

Sunnmøre friluftsråd takkar Gjensidigestiftelsen og Sparebanken Møre for støtta til uteleik-prosjektet Slå på ringen i 2023. Det har vert eit særst vellykka prosjektår og vi gler oss til å halde fram med å utvikle Slå på ringen i 2024. Prosjektet har fått godt fotfeste i grunnskulane i fylket. Vi opplever at stadig fleire oppdagar og ser behovet for kompetansen som no ligg i Slå på ringen, og erfaringane vi gjer oss på tvers av mange skular og barnegrupper. Derfor at det så viktig å få utvikle dette vidare.



Halldor Lillebø frå Gjensidige kunne i år også overrekke ein gavesjekk på heile 600.000 kroner til Slå på ringen. Foto: Edmund Meklid, Bygdebladet.



Skjermdump av ein av dei totalt 34 leikane som er produsert av Sunnmøre friluftsråd og som er tilgjengeleg for alle på Youtube.



Tonje Aas Molnes er ofte med som medhjelpar på kursa.



Konkurransinstinkta og iveren kjem lett fram under leiken.

Innvandrarprosjektet «Naturen som eg er ein del av»

Målet med prosjektet «Naturen som eg er ein del av» er å invitere og inspirerer innvandrara til å få meir kunnskap og erfaring med norsk natur gjennom året. Dette er i hovudsak personar som ikkje hadde noko erfaring med norsk natur frå tidlegare.

I 2023 var det elevar ved vaksenopplærings-sentra i Ålesund og Hareid som skulle få oppleve og erfare norsk natur som er lett tilgjengeleg for dei. Deltakarane skulle få oppleve og lære om norsk natur og nærfriluftsliv gjennom året.

Ved å samarbeide med vaksenopplæringa når vi mange og kan bygge gode relasjonar til læringsinstitusjonen slik at kunnskapen blir implementert i undervisninga. Deltakarane var frå 16 til 60 år. Friluftsrådet

ved prosjektleiar Inger Bakke har gjennomført totalt 11 samlingar for 342 deltakarar i 2023. Tema har vore: Trugetur, ski, aking, slalom, 3 samlingar med marin for-søpling, leikesamling, 17.mai oppvarming, Mat på bål, StikkUT! bruk av turapp. og førjulssamling med norske førjulstradisjonar.

Friluftsrådet er særleg nøgde med vinteraktivitetane. Det var veldig inspirerende å få deltakarane med på trugetur og la dei få oppleve skogen i vinterskrud. Dagane med søppelplukking var også særst vellykka med mykje variert rørsle, god stemning og ikkje minst nydeleg vær. Felles fjelltur til Habaknotten var og ei flott oppleving. Det er veldig givande når 30 deltakarar smiler og ler på toppen.




Slalom på Ørskogfjellet.



Med truger på beina for første gong.



Gjengen som deltok på strandryddinga på Hareid.



Innvandrarar deltek på strandrydding på Hareid. Prosjektleiari for innvandring Inger Bakke med raud lue.

Aktivitetsarbeid i fritida



Ny Naturmøteplass vart starta i Elvaløa på Sjøholt våren 2023.

Naturmøteplassen

Naturmøteplassen er eit lågterskel og uforpliktande tilbod til alle som har høve til å gå tur på dagtid, og som set pris hyggelege møte med andre. Ved turmålet, som er ein gapahuk eller grindbygg, brenn bålet og kaffien er klar i eit fast tidsrom ein bestemt dag kvar eller annankvar veke. Blide og inkluderande vertar tek hjarteleg imot alle som kjem. Dei spanderer varm drikke med enkel servering - og slår gjerne av ein prat.

Naturmøteplassane er eit godt folkehelseiltak der folk både kjem seg ut på tur og samtidig har det sosialt og kjekt saman med andre. Tilbodet er til personar i alle aldrar som er ledig på dagtid. Det kan vere permitterte, arbeidsledige, pensjonistar, trygda, barnehagar, skuleklasser, personar som tek lunsjen sin der, foreldre i permisjon eller personar som kjenner seg einsame.

I 2023 starta vi to nye naturmøteplassar (Elvaløa på Sjøholt og gapahuk i Rotarystien på Hareid) som har blitt godt motteke. Talet på besøkande har auka jamnt år for år, og ligg på rundt 20-50 personar (avhengig av vêr og årstid) på kvar av dei åtte møteplassane. Etter rapportering frå vertane har om lag 4 500 personar i alle aldrar vore innom Naturmøteplassane i 2023.

Vi har god hjelp frå frivilligsentralane til å organisere og sette opp vaktlistar, der frivillige enkeltpersonar,

lag og organisasjonar byter på å vere vertskap. Friluftsrådet dekkjer utgiftene til ved, kaffi, utstyr osv, takka vere midlar frå Miljødirektoratet.

Naturmøteplassane motiverer folk til å kome seg ut på tur i friluft heile året, og nesten uansett vêr. At så mange kjem kvar gong, betyr at dei i alle fall kjem over dørstokkmila ein dag i veka. Og sidan dei må gå eit stykke for å kome fram, er det grunn til å tru at forma blir betre også.



Praten går lett rundt bålgrua i Øygarden i Valldal i Fjord kommune.



Sharon Svendgaard er blant vertene på Naturmøte-
plassen ved Dam 2 på Aksla i Ålesund kommune.



Pølsegrilling og bålcaffe ved Naturmøte-
plassen i Bugardsmyrane i Ulstein kommune.



Fin sommarkdag med mange inkom på
Naturmøteplassen i Kaffivika i Sula kommune.



Førjulskveld på Naturmøteplassen i Kråkvika i Vestnes
kommune.



God stemning på Naturmøteplassen i Rotarystien på
Hareid.



Stor og små på Naturmøteplassen i Rotaryhuken ved
Synnlandsvatnet i Brattvåg i Haram kommune.



Friluftsskule. Foto Sara Magnadottir.

Friluftsskular

Friluftsrådet gjennomførte fire friluftsskular for til saman 67 barn i 2023. Friluftsskulane vart arrangerte i Sula (Vassetvatnet), Volda, og Ålesund (Murvika i Skodje og Stafsethneset i Blindheim).

Friluftsskulane er eit nasjonalt satsingsområde for Friluftsrådenes Landsforbund (FL) og Den Norske Turistforening (DNT). Tilbodet er for barn i alderen 10-13 år i starten av sommarferien og varer i fem dagar inkl. ein overnattingstur. Alle leiarane på friluftsskulane har friluftslivsfagleg bakgrunn, noko som er med på å sikre høg fagleg kvalitet på formidling og læring til barna. Friluftsskulane har aktivitetar som bading, orientering, tur, leikar og kajakk. I år var første- hjelp eit eige tema.



Friluftsskule. Foto Thomas Unmack Larsen.



Friluftsskule. Foto Thomas Unmack Larsen.

Padlefestival UNG

Padlefestival UNG vart i 2023 gjennomført med to introduksjonskurs og to grunnkurs for ungdom mellom 14–17 år og vart arrangert på fem ulike stadar på Sunnmøre. Dette var på Nysætervatnet i Sykkylven, Murvika i Ålesund, Kråkvika i Vestnes og Snipsøyrvatnet i Hareid og Kjeldsund i Herøy.

Til saman var det med 22 ungdommar på kursa i padlefestivalen.



Padlefestival 2023. Foto Sara Magnadóttir.

Turkalender for Sunnmøre og Vestnes

Friluftsrådet har i mange år trykt to Naturlos-aviser årleg med informasjon om arrangerte fellesturar (med guide/naturlos), som har blitt distribuert til alle husstandar på Sunnmøre og i Vestnes. I 2023 bestemte vi oss for berre å gi ut ei digital brosjyre, og i tillegg har alle turarrangementa blitt annonsert på heilsider i Nytt i Uka gjennom sommaren.

Vi valde også å byte ut namnet Naturlos då det nok er litt for utydeleg for mange. Nytt namn på prosjektet vart Turkalender for Sunnmøre og Vestnes.

Brosjyra vart utarbeidd av friluftsrådet sjølv og inneheldt annonser til om lag 80 arrangerte fellesturar. Dei fleste turane var arrangert av turlag og organisasjonar, men også fleire ordførarar/folkehelsekoordinatorar arrangerte turar med stor suksess.

Turkalenderen vart publisert i si heilheit på friluftsrådet si nettside, og i tillegg la fleire kommunar den tilgjengeleg på sine nettstadar. Alle turane vart lagt ut som arrangement på Facebook-sida «Turkalender for Sunnmøre og Vestnes», der nokre også vart delt på friluftsrådet si eiga Facebook-sida.

Kom UT i haustferien

Friluftsrådet gjennomførte 6 aktivitetsdagar for SFO der det mellom anna var matlaging ute med oppskrifter frå Fiskesprell. SFO tilbodet vart gjennomført i haustferien i Giske, Stranda, Volda og Ørsta. Tilsaman 122 born og 29 vaksne var med på dei seks aktivitetsdagane.



Undersøking og samtale om insekt vi har funne på bestemmelsesduk. Foto Ingrid Lauritzen.

Utleige av færingar

Sunnmøre friluftsråd eig to færingar forl utleige til privatpersonar, lag og foreiningar. «Leia» og «Linge» blir stelt og haldne ved like av Sunnmøre Kystlag. Dei ligg ved kai ved Sunnmøre Museum, som administrerer og får inntektene frå utleiga. «Linge» har plass til 4 personar og kostar berre kr 150 å leige ein dag. Med overnatting og lavvo blir prisen kr 350. Same prisane gjeld for «Leia», som har plass til seks personar.



«Leia» og «Linge».

Lån av friluftsutstyr

Sunnmøre friluftsråd har diverse friluftsutstyr til utlån for barnehagar, skular, frivillige lag og foreningar i medlemskommunene.

Sunnmøre friluftsråd har laga ei oversikt over kvar du kan låne friluftsutstyr i medlemskommunane til friluftsrådet. Dette er opne utstyrsbasar som er tilgjengeleg for folk flest, utan at ein treng å vere medlem i ulike lag- og organisasjonar.

Informasjon om utstyr hjå friluftsrådet og utstyrsbasar i regionen finn du på heimesida til friluftsrådet: [Lån av utstyr \(friluftsradet.no\)](http://friluftsradet.no)

Utstyrsbase/sportsbibliotek/Bua og Skattekameret

Utlån av friluftsutstyr har mange namn og er organisert på litt ulike måtar. Og det er mange stader ein kan få låne utstyr til friluftsliv på Sunnmøre.


Utstyrsbasane har ulikt innhald. Alt frå telt og kokekar til turski, truger og akebrett. Nokre stader kan ein også få låne kajakk og utstyr til andre vassaktivitetar.

Ta kontakt med den einkilde utstyrsbase i opningstida for oppdatert informasjon om kva utstyr dei har og korleis du kan få låne dette!

All informasjon om eksterne utstyrsbasar som du finn hos friluftsrådet er gitt etter beste evne med atterhald om feil. Send oss gjerne tilbakemelding om endringar eller feil.



Truger er blant friluftsutstyret som skular, lag og organisasjonar kan låne av friluftsrådet.



Kart på nettsida til Sunnmøre friluftsråd med oversikt over kvar ein kan låne friluftsutstyr.



Turkort-hefte/nettside med turskildring

Turkort er namnet på informasjonsarbeidet om gode turmål for alle. Dette er eit viktig og varig informasjonsarbeid om gode turmoglegheiter for dei aller fleste. Turane er klassifiserte etter Merkehandboka, og er i all hovudsak enkle og flotte turar rundt om i medlemskommunane.

Turane blir presentert i ei eiga bok og på eigne og eksterne digitale plattformer. Turkortboka 2020 vart delt ut til medlemskommunane i starten av 2021. Den inneheld 60 turtips i 13 kommunar. Boka er til sals i nettbutikken til friluftsrådet.

Arbeid med synfaring og kart har gitt og gir grunnlag for oppdatering i kartet gjennom fylket og kartverket. Turar blir synleggjort i fylket sin turportal www.morotur.no og vi er i dialog med fylket om forbetringar i presentasjon og informasjon til ulike målgrupper.

Friluftsrådet bidrar også med å samle spennande informasjon på tvers av fagfelt som gjer turane meir interessante.



Alle turane kan du laste ned ein og ein på denne sida eller via Google maps, og skrive ut på eigen skrivar i A4-format!

Stikk UT! og andre turrutebasar

Stikk UT! 2023

Ser ein bort frå den formidable oppslutninga i pandemiåret 2021, vart det nok ein auke både i deltaking og tal på registreringar for Stikk UT! i 2023. Over 40.000 deltakarar registrerte nær 972.000 turar i heile fylket i sommarsesongen. Gjennom dei seks månadane med Stikk UT! sommar la deltakarane tilbake ein total distanse på 3,3 million km på dei ulike turane – noko som tilsvarar 83 gongar rundt jorda! Og når Stikk UT!-deltakarane i tillegg har lagt bak seg 78.000 høgdekilometer, tilsvarer det nesten 9.000 gongar opp Mount Everest. Snakk om innsats!

Samtidig bidreg turtrimmen til gode møteplassar og nye turopplevingar. Med bakgrunn i dette held vi fast ved påstanden om at Stikk UT! er det viktigaste folkehelseiltaket i Møre og Romsdal.

Nærturar meir og meir populære

Totalt i fylket var det 521 turmål i sommarsesongen 2023. 281 av desse var på Sunnmøre og Vestnes, der knappe 18.000 deltakarar registrerte 417.000 turar. Stikk UT! når alle aldersgrupper og lag av befolkninga, og deltakinga syner klart at Stikk UT! er ein stor motivasjonsfaktor for folk til å kome seg på tur, oppleve nye turmål og kome i betre form.

Dei siste åra har vi sett ein klar tendens til at nærturane har blitt meir og meir populære. I tillegg jaktar mange Stikk UT!-turmål rundt om i fylket og oppdagar såleis nye turmål og blir betre kjent i regionen.

Vinter Stikk UT!

Tala for Stikk UT! vinter (15. des – 2. påskedag), med både skiturar og fotturar, kan ikkje måle seg sommar-



Dåverande klima og miljøminister Espen Barth Eide kom også innom Stikk UT! festivalen på Skodjebruene. Han var inponert over kva Stikk UT! og friluftsråda har fått til i fylket.

sesongen. I 2023 var det 349 turmål (142 skiturar og 207 fotturar) i heile fylket, derav 174 på Sunnmøre. Omlag 10.000 aktive deltakarar, registrerte nesten 150.000 turar i fylket. På Sunnmøre vart det registrert litt over 83.000 turar av godt og vel 5.000 deltakarar. Begge deler er ein liten nedgang frå året før, men meir enn i 2021. Gleddeleg er det at talet på skiturar auka.

Dette viser at Stikk UT! er ein stor motivasjonsfaktor for å få folk ut på tur i den kalde og mørke årstida også – ei tid det er lett for å vere meir inne og mindre aktiv. Også vinterturane engasjerer folk i alle aldrar. Og begge kjønn.

Som eit prøveprosjekt denne sesongen vart det også sett opp nokre få skiturmål utanfor preparerte skiløyper som eignar seg godt for tur- og fjellski. Turmåla vart valt ut med stort fokus på tryggleik, med godt brukte «søndagsturar» til sætretufter eller høgde- drag. Målet er å inspirere til ei litt annleis turoppleving eller forlenge turen ved å gå sine egne spor.

Stikk UT! Festival

Også i år vart det arrangert Stikk UT!-Festival i friluftslivets veke. Målet er å feire den store turgleda i fylket, skape ekstra blest om Stikk UT! og få ekstra mange ut på tur i løpet av veka. Både nettsida og appen vart sett i festivalmodus. Vi laga fleire fellesarrangement og var på stand ved NTNU for å informere unge studentar om Stikk UT!-konseptet og dele ut kart.

Under lunsjpausearrangementet på Skodjebruene, kom også dåverande klima- og miljøminister Espen Barth Eide innom festivalen. Han var svært imponert over kva friluftsråda og Stikk UT! har fått til i fylket.

– Stikk UT! er viktig både for folkehelsa og for folk si bevisstheit på miljøet, sa han og ga ros også til sponsorane som bidreg med viktige pengar inn i det gode arbeidet som blir gjort med å tilrettelegge for turgleda i regionen vår.

Vêret var varierende, men 12.000 turgåarar registrerte til saman 43.000 turar under den ti dagar lange festivalen. Ekstra kjekt var det at Stikk UT! sine sponsorar og samarbeidspartnarar Sparebanken Møre, Wattn og Granne vart med oss på fleire av arrangementa denne veka, og stilte med godt humør og flotte premiar!

Løypestatus og turlogg

Appen som vart lansert sommaren 2021 har blitt ein stor suksess, og er til stor nytte for deltakarane både til å finne fram til turmåla og til å registrere turane. Det er til no gjort over 90.000 nedlastingar av appen som



Sunnmøre friluftsråd var medarrangør då dåverande ordførar Jim Arve Røssevold arrangerte «Ordførarens tur» rundt Vassetvatnet i Friluftslivets veke.



Mange frå kringliggande bedrifter kom innom Stikk UT!-Festivalen på Skodjebruene under friluftslivets veke.



Stikk UT! sine gode samarbeidspartnarar frå Sparebanken Møre, Wattn og Granne stilte opp på fleire arrangement saman med oss under Stikk UT! Festivalen.



På NTNU der vi delte ut Stikk UT! kart, og fortalte studentane både om Stikk UT! og andre turmoglegheiter på Sunnmøre. Hilde og Tonje Aas Molnes frå Sunnmøre friluftsråd.



I filmen «Kom da så går vi» til Rønstadhellaren på Lepøya fekk vi både vist fram ein flott Stikk UT!-tur og vi fekk fortalt mykje om Stikk UT! og friluftsrådet. Journalist med på turen var Tarjei Engeset Ofstad (bildet) og produsent var Jan Erik Finsæther.

er gratis for brukarane, men som saman med drift av nettsida kostar dyrt for friluftsråda.

I vintersesongen 2022/23 vart loyper.net (som viser når og kvar det er oppkøyde skiløyper) integrert i Stikk UT!-appen. Dette gjer det enklare for brukarane, som dermed slepp å forholde seg til to appar når dei skal på skitur.

Til sommarsesongen vart funksjonen turlogg tatt i bruk i appen. Ved hjelp av denne funksjonen kan deltakarane ha sin eigen privatelogg over alle turar ein går (også det som ikkje er Stikk UT!-turar). På den måten får ein total oversikt over km, høgdemeter og tidsbruk på turane.

Frivillig arbeid

Stikk UT! har om lag 250 frivillige i sitt apparat. Dei er med og tilrettelegg for gjennomføringa av turtrimmen (innmelding av turmål, turskildringar, skilting, merking, vedlikehald og trakking av skiløyper m.m.). Stikk UT! er heilt avhengige av desse frivillege – og utan den store innsatsen dei gjer hadde det ikkje vore mogleg å gjenføre turtrimmen. Tusen hjarteleg takk for innsatsen til kvar og ein!

Kom da så går vi!

Til sesongopninga 1. mai vart vi kontakta av Sunnmørsposten som ønska å lage filmopptak frå eitt av sommarens nye Stikk UT!-turmål. Valet fall då på Rønstadhellaren (Nordens største sjøhellar) på Lepøya, som både har ein allsidig natur, og fleire historiske hendingar og landemerke langs stien og på turmålet.



Sommarens kode kjem på plass. Mandor Seth er ein av dei om lag 250 frivillege på Sunnmøre og i Vestnes som kvart år bidreg slik at Stikk UT! kan gjennomførast.

Anne Berit og Hilde vart med på filminga, og fekk fortalt mykje både om Stikk UT! og friluftsrådet. Med på filmen var også lokalhistorikar Magne Kjerstad, samt Gunnbjørg og Mandor Seth som er Stikk UT!-frivillege på Lepsøya.

Lenke til filmen: <https://tv.smp.no/video/17189/kom-da-sa-gar-vi-episode-2-rnstadhellaren>

Turstifond

Med den store aktiviteten Stikk UT! genererer, blir det naturleg nok også slitasje på nokre stiar. For å bøte på dette fekk Stikk UT! i 2023 eit eige Stifond, der enkeltpersonar, lag, foreiningar og kommunar kan søke midlar til førstehjelpstiltak på Stikk UT!-stiar. Det er Sparebanken Møre som har gitt 500.000 kr til fondet, likt fordelt på dei to friluftsråda.

Digitalt søknadsskjema vart laga til og lansert 1. mars. Søknadar tikka inn jamnt og trutt gjennom heile sommaren, og ved sesongslutt hadde friluftsråda i fylket fått inn 47 søknadar fordelt på heile regionen. Vi hadde løpende behandling av søknadane, med tilsagn og utbetalingar (maks kr. 15.000 per søknad). Midlane har tydelegvis kome godt med, og vi sitt att med mange takksame søkarar som no får gjort enkle men naudsynte utbetringar på stiane. Informasjon om turstifondet var gjort i Stikk UT!-kartet, på stikkut.no, pressemelding og e-post til Stikk UT!-kontaktar og kommunar.

Stikk UT! Norge

Det har lenge vore eit ønske om eit felles turregistrerings-opplegg for alle friluftsråda i landet. I regi av



Hilde og Anne Berit klar for Stikk UT! sommar 2023.

Friluftsrådernes landsforbund (FL) vart det sett ned ei samarbeidsgruppe som skulle finne fram til ei felles løysing, og i juni landa samarbeidsgruppa på å gå for Stikk UT! Det blir i første omgang sett i verk eit pilotprosjekt, der ni friluftsråd med 82 kommunar har sagt ja til å vere med frå 2024. Her vil både app og nettside utviklast slik at heile landet kan delta.

Suksess kostar

Stikk UT! har gjennom mange år vore ein stor suksess – og som kjent; suksess kostar.

Den konstante veksten med auka aktivitet og satsingsområde, samt mål om endå betre brukaropplevingar, gjer seg ikkje sjølv og krev auka ressursar. Difor viser prosjektrekneskapet nok eit år stort underskot i Stikk UT! for Sunnmøre Friluftsråd.

Friluftsrådet mottok minimalt med støtte frå det offentlege til å drifte turtrimmen. Og sjølv med gode økonomiske samarbeidspartnarar (Sparebanken Møre og Wattn), inntekt frå bedriftsdeltaking og sponsorar, så er ikkje det nok til at rekneskapet går i balanse.

Stikk UT! har for Sunnmøre friluftsråd aleine eit budsjett på 1,7 millionar kroner, og då er ikkje verdien av frivillig arbeid på omlag 1,4 millionar kr rekna med.

I 2022 sette vi i gong arbeid med skaffe fleire sponsorar, som ved å støtte turtrimmen får vist sin bedriftslogo som turhelsing i Stikk UT! appen. Arbeidet vart vidareført i 2023, men det viser seg at sponsor-marknaden er trong.



Stikk UT! gjer at mange kjem seg på tur og oppdagar nye turmål. Gode tips, meir informasjon og naturfrøjer livskvalitet, helse og berekraft!

Stikk UT! blir drifta av dei to friluftsråda i fylket (Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal) og av Stikk UT!-gruppa i kvar av friluftsrådets sju medlemskommunar. Gruppaen tekst består av lag, foreningar, ungdomsgar og frivillege, og blir leia av kvar kommune sin Stikk UT!-kontakt. I tillegg kan det vere andre lokale kontaktpersonar som er aktive i naturen. Sunnmøre friluftsråd arbeider for eit naturvennleg, bærekraftig og inkluderende friluftsliv for alle – dei kontaktar er fundamenterende til ei god Stikk UT!-er delvis samarbeidsprosjektet. I tillegg driv friluftsrådet med friluftsliv, helseopplering, aktivitet, arbeidsmiljø, tradisjonell kultur, innvandringsprosjekt og naturmangfald med bakgrunn og friluftsliv. Vi har også ei eige avdeling for marin forvaltning, ei driftsdeling som tek seg av med ei ei rekkje friluftstemaer, og ei avdel for slagleg drift av tilgjengelegheitsprosjektet i Møre og Romsdal. Friluftsliv består også av informasjon med mål om å leggje fram forvaltning av friluftsliv sine forutsetningar. Sunnmøre friluftsråd er eit samarbeidsprosjekt mellom Stikk UT! og alle kommunane på Sunnmøre, samt Verdal, Vi og eit av dei friluftsråd i Norge, og 2024 fylar vi 50 år!

Korleis delta på Stikk UT!

1. Laust eller på sykkel
2. Legg tur
3. Du er i gang!
4. Registrer turen

For å vere med på Stikk UT! må du opprette ein brukar og registrere turene dine. Dette gjer du i Stikk UT!-appen eller på stikkut.no. Her finn du også gode tips og råd om korleis du skal bruke appen. Det er gratis å vere med!

PREMIE Når du har gått minst tre turer kan du hope opp ein premie. Bestill på stikkut.no innan 30. september.

Sunnmøre friluftsråd
Velkomen til Stikk UT! 2023
Kart med over 500 turmål i Møre og Romsdal samt Heim i Trøndelag

Kartet, som kvart år blir distribuert til alle husstandar i Møre og Romsdal, inneheldt i 2023 heile 520 turmål. I kartbrosjyrer har vi også stort fokus på naturvett og allemansplikta, med gode råd om korleis ein skal ferdast omsyntfullt på tur og ta vare på naturen.

Prosjekt i regi av fylket:

Friluftslivets ferdselsårer – kommunale planar



Open arbeidsverkstad i Plan for friluftslivets ferdselsårer for Ulstein og Hareid i april. Anita Sundnes er prosjektleiar i arbeidet.

Stiar, turvegar, løyper og leder er avgjerande for utøving av friluftsliv, og vert kalla friluftslivets ferdselsårer. Kommunane har ei viktig oppgåve for å legge til rette for godt planlagte stiar, løyper og turvegar. Stortingsmeld. 18 (2015-2016) Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet er grunnlaget for ei nasjonal satsing på friluftslivets ferdselsårer i regi av Miljødirektoratet. I perioden 2020-25 leiar fylkeskommunen prosjektet «Friluftslivets ferdselsårer Møre og Romsdal». Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal bistår kommunane i å utarbeide eigen plan for friluftslivet sine ferdselsårer. Vi skal fremme samarbeid om ei planmessig utvikling av friluftslivet i kommunane. Innbyggjarane i kommunen

skal medverke i planarbeidet, og endeleg plan skal godkjennast av kommunestyret.

I fylkeskommunen sin anleggspolitikk er friluftsliv eit av tre satsingsområde. Det vil vere avgjerande for kommunane sin tilgang til spelemidlar og andre tilskot til anlegg dei komande åra at dei får på plass ein planmessig og strukturert utvikling av friluftslivsanlegga sine. Fylkeskommunen prioriterer midlar friluftslivsanlegg som inngår i ein kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer.

Desse åtte kommuane frå Sunnmøre har starta planarbeidet for Friluftslivets ferdselsårer: Fjord, Giske, Sykkylven, Ulstein/Hareid (felles plan), Volda, Ørsta, Ålesund. Dei er ulikt komne i prosessen. Friluftsrådet skal bistå i fullføring av planarbeidet. Gjenstående kommunar er: Haram, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Vanylven og Vestnes.

Mange kommunar i fylket har tidlegare gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde (KVF), og har dermed eit godt grunnlag å gå vidare med ferdselsåreprosjektet. Fylkeskommunen har også ein stor database med ca. 2500 GPS-spora turruter i morotur.no.

Gode kommunale planar for friluftslivets ferdselsårer er med på å identifisere, ivareta og utvikle ferdselsårene. Planane vil òg vere viktig kunnskap for å ivareta friluftsliv i anna arealplanlegging, og samtidig vere ein plan for korleis ferdselsårene kan utviklast på ein berekraftig måte.

Friluftsbarmometer for kommunane i Møre og Romsdal 2024

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) søkte i 2022 Møre og Romsdal fylkeskommune om midlar til utvikling og etablering av eit friluftsbarmometer i vårt fylke. Ei arbeidsgruppe frå friluftsråda i Møre og Romsdal og frivillige organisasjonar representert av DNT Romsdal, sto saman med FNF bak søknaden.

I mars 2023 vedtok Kultur-, næring- og folkehelseutvalet det skal utarbeidast eit slik friluftsbarmometer for Møre og Romsdal. FNF Møre og Romsdal fekk tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune for å gjennomføre prosjektet, som skal vere fullført innan 1. juli 2024.

Det er sett ned ei styringsgruppe som er ansvarlege for framdrifta i prosjektet. Linda Bakken er engasjert i ei 60 prosent stilling fram til 1. juli for å koordinere prosjektet saman med styringsgruppa. Bakken har kontor ved Sunnmøre friluftsråd og skal arbeide i heile fylket.

Berekraftig innsats for friluftsliv

Friluftsbarmometeret er tenkt å vere eit verktøy for å måle kommunane sin innsats for å fremme friluftsliv. Møre og Romsdal har som overordna mål å vere eit verdiskapingsfylke, der eit viktig resultatmål er å «Bidra til at forskning, kunnskap og innovasjon er grunnleggande element i utviklinga av kultursektoren». Ved auka kunnskap kan ein arbeide konstruktivt og meir målretta mot berekraftsmåla i tråd med FN sine berekraftsmål. I denne samanheng ønsker fylket eit friluftsbarmometer som gir auka kunnskap og synleggjer kommunane sin grad av innsats på utvalde tema som betyr mykje for friluftslivet i Møre og Romsdal. Ved å kare dei kommunane som legg best til rette for friluftsliv, kan ein sette fokus på og stimulere til meir berekraftig tilrettelegging for friluftsliv i tida framover.

Måleparameter

Prosjektoppdraget er å utvikle minst 10 måleindikatorar som kan seie noko om breidda i kommunane si tilrettelegging for friluftsliv. Ei viktig målsetjing er å måle faktorar som kommunane kan gjere noko med på ein slik måte at det blir mest mogleg rettferdig uavhengig av størrelsen på kommunen, folketal og naturgeveve faktorar. Styringsgruppa vil ha eit breitt kontaktnett under arbeidet med å finne målretta indikatorar som



Styringsgruppa for prosjekt Friluftsbarmometer saman med representantar frå planavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune. Frå venstre Anne Berit Støyva Emblem (dagleg leiar Sunnmøre Friluftsråd), Ola Fremo (dagleg leiar Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal), Even Tranmæl (fylkeskommunen), Linda Bakken (prosjektkoordinator), Paul Magne Eidhammer (fylkeskommunen) og Ingbjørn Ingbjørn Bredeli (koordinator Forum for friluftsliv Møre og Romsdal).

er varige over tid og som er enkelt overførbare til andre kommunar og fylker. Det er naturleg at ein i størst mogleg grad nyttar statistikk som er tilgjengeleg gjennom til dømes fylkesstatistikk, SSB, Kostra, Miljødirektoratet, folkehelsetal og foredling av tilskotsmidlar. Dette er tal som har lite skjønsvurderingar og som ikkje gir meirarbeid til kommunane.

Arbeidet med barmometeret vil halde fram med full tyngde i første halvdel av 2024. Friluftsbarmometeret er eit spennande prosjekt som vi håper fylkeskommunen på sikt vil nytte som verktøy i sitt arbeid med kartlegging, auka kunnskap og utvikling.

Friluftsbarmometeret er tenkt å vere eit verktøy for å sjå kommunane i fylket sin innsats på utvalde tema som betyr mykje for friluftslivet. Vidare er dette tenkt å gi ei oversikt om kva som finns tilgjengeleg av informasjon om kommunane si friluftslivsforvaltning og seie kva som manglar av informasjon.» (sak 20887/2023, Kulturtilskot 2023 – disponering av ramme).

Sikring og tilrettelegging av friluftsområde

Statleg sikring og forvaltningsplanar

Statleg sikring betyr at staten kjøper friluftslivsområde som er spesielt viktige for befolkninga. Staten kan betale inntil 100 prosent av kostnadane dersom arealet er regionalt viktig, og 50 prosent dersom det mest er lokalbefolkninga som brukar det. Kommunen får så råderetten over området, som ikkje kan brukast til anna enn friluftsliv etter kjøpet. Etter avtale, kan kommunane delegerer heile eller delar av ansvaret for drift og skjøtsel til friluftsrådet. Friluftsrådet skal vere pådrivar og hjelp for kommunane i arbeidet både med å søke statleg sikring og utforming av forvaltningsplanar for områda som er blitt statleg sikra.

Dei aller fleste søknadane blir innvilga, og dette er ei viktig kjelde til finansiering av tilretteleggingstiltak.

Både kommunane sjølve og friluftsrådet søker kvart år offentlege midlar til tilretteleggingstiltak i desse områda. Det kan vere til tiltak som gapahukar, bål-plassar, stupebrett, flytebrygger, stiar, toalett, parkeringsplass osb. Føresetnaden er at kommunane saman med friluftsrådet lagar forvaltningsplanar for kvart av områda, som skal godkjennast av fylkeskommunen.

Friluftsrådet gir rettleiing til frivillige som vil påverke kommunen til å sikre eit område, vidare er vi med på synfaringar og møter med kommunen og grunneigarar. Når kommunen skal i gang med sjølve søknaden om sikring, gir vi også «steg-for-steg»rettleiing.

I 2023 har vi spesielt jobba med statleg sikring av Øyna i Fjord kommune og fornyingar av forvaltningsplanar i samarbeid med frivillige i kommunane.

Nytt friluftstoalett er flogt ut på øya Hundsvær i Ålesund.

Friluftsrådet har også arbeidd saman med Miljøfaglig Utredning med å kartlegge og dokumentere naturverdiane på Hundsvær og Tyskholmen i Ålesund. Dette dokumentasjonsarbeidet vart ferdigstilt i 2023 og er viktig kartlegging som dannar malar for utvikling med omsyn til naturverdiane i andre statleg sikra område.

I 2023 har friluftsrådet gjennomgått kommunale forvaltningsplanar og hatt fleire møter med kommunar om statleg sikring og utarbeiding av planar for friluftsområda.



Befaring på Overøye i Fjord kommune i samband med forvaltningsplan for Øyna. F.v.: Leif Sægrov (Fjord kommune), Andrea H. Vad (Langsæterlaget), Trond Alstadsæter (Fjord kommun), Pål Henry Høyberg (SF), Jon Geir Selboskar (Langsæterlaget) og Kristi Linge Stakkestad (folkehelsekoordinator Fjord kommune).



Steinlegging utført av frivillige. Friluftsrådet har bidratt med helikopterfrakt av steinen.

Skjøtsel og drift gjennom året

Driftsavdelinga til friluftsrådet har heilt eller delvis ansvar for drift, skjøtsel og nye tilretteleggingstiltak i mange statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane.

Friluftsrådet har ei rad eigedelar som bruer, toalett, grindbygg og gapahukar, grill/bålplassar, stupebrett, rastebenkar, informasjonsskilt mm. Desse ligg i hovudsak i regionalt viktige friluftslivsområde (sjå vedlegg side 50 og 52, som gir ei fullstendig oversikt over våre ansvarsområde og kva vi eig).

Drifts- og skjøtselsarbeidet omfattar jamt tilsyn, vask og tømning/påfylling av toaletta, slått av gras, opprydding av søppel, fjerning av kratt, tilsyn og reparasjonar av installasjonar vi har ansvaret for.

Velforeiningar og andre bidreg med dugnader i fleire av friluftsområda, som t.d. Ålesund Rotary Øst på Svinøya, Kråkvika Vel i Kråkvika i Vestnes og LHL/Vatne Velforening i Gurinesbukta i Haram.

Friluftsrådet leasar fire arbeidsbilar til arbeidet.

Kontor, verkstad, lager og driftsutstyr

I mars 2023 flytta vi inn i nye lokale på Stettevika/Digerneset på Skodje etter 13 år på Kongshaugstranda i Sula kommune. Her har vi 11 kontorplassar med felle-sareal og møte/undervisningsrom, og 150 m² lager og verkstadlokale. Fagleiar for Aktivitet har kontorplass på Volda Campus. Statens Naturoppsyn leiger eitt av kontora på Digerneset.

Vi disponerer fire arbeidsbilar, fleire bilhengarar, tre båtar, ein beitepussar og anna nødvendig utstyr og

reiskapar (sjå eige vedlegg). I utstyrsbasen for utlån av friluftsutstyr til skular/bhg har vi mellom anna fleire kajakkhengarar med 14 kajakkar på kvar, lavvoar, truger, kokeutstyr for bål, snøformingssett, taubruer m.m. (sjå eige kapittel om Lån av friluftsutstyr). Lageret er delt inn i avdelingar for utstyrsutlån, utstyr til Leikepatruljen, marin forsøpling, Stikk UT! og drift/skjergardsteneste/verkstad.



Helikopterløft av grus til ny sti på Hundsvær i Ålesund.



Jan Petter Lied i ferd med å reparere eitt av toaletta som har fått skade.

Rydding av marin forsøpling

For å bidra til og gjennomføre frivillig rydding får vi midlar frå Miljødirektoratet og Handelens Miljøfond. Sunnmøre Friluftsråd har bidrege i ulik grad og på ulikt vis til om lag 50 frivillege aksjonar med til saman 500 timar og 1 380 frivillege personar.

Førebygging av forsøpling er kanskje det mest effektive tiltaket vi har, og vi har tru på at til dømes skulebesøk og rydding med idrettslag og andre unge kan hindre at nye generasjonar av forsøplrar tek over etter oss.

Frivillig rydding og undervisning

Vi har også i 2023 gjennomført skulebesøk med ein kombinasjon av undervisning både inne og ute, og påfølgjande ryddeaksjon.

Som ein del av prosjektet «Naturen som eg er ein del av» (innvandrarprosjektet til friluftsrådet), har marin forsøpling bidrege med informasjon/opp-læring til lærarar på Ålesund Voksenopplæring og Hareid Ressurscenter med påfølgjande ryddeaksjonar. I Ålesund vart det rydda på Tørla (vår, 260 kg), Kverve på Ellingsøya (haust, 480 kg) og på Hareid vart Almestranda rydda for om lag 300 kg søppel i haust.

Saman med «Naturen som eg er ein del av» vil vi søke om å kunne vidareføre og utvikle marin forsøpling-dagen, med mål for auget om at deltakarane får oppleve også denne sida av friluftsliv, og kva påverking forsøpling har på naturen som vi er ein del av.

Ryddeaksjonar blir også gjennomført «på eiga hand». Lag og organisasjonar, bedrifter og enkelt-personar ryddar, og SF stiller med utstyr og hjelp til å handtere avfallet etter aksjonen. Å gi slik assistanse er blant våre kjerneoppgåver, og er alltid ei stor glede å gjennomføre. Skjærgårdstjenesten stiller med båt i dei tilfella der det er enklast å hente avfall via sjøvegen.

Gjennom Handelens Miljøfond har friluftsrådet fått moglegheit til å dele ut motivasjonsmidlar til lag og organisasjonar. I 2023 har 850 små og store ryddarar vore i sving på ryddeaksjonar der det vart delt ut motivasjonsmidlar.

Runde Miljøcenter og Søre Sunnmøre Reinhaldsverk har bistått friluftsrådet i dette arbeidet med å vere kontaktpunkt for lag i deira område. Vi håpar å kunne vidareføre konseptet med motivasjonsmidlar også i 2024.



Skuleelevar og lærarar frå Longva Skule går igjennom dagens fangst av marin forsøpling på Ullaholmen. Foto: Linda Bakken.



I løpet av to lange dagar i juni rydda staben i friluftsrådet Sunnlyvsfjorden, saman med Fredrik Gustavsen i Statens Naturoppsyn og Skjærgårdstjenesten.

I 2023 har SF og starta opp eit samarbeid med Røde Kors, der vi saman skal forebygge utanforskap. Tanken bak samarbeidet er at rydding av marin forsøpling er ein aktivitet kor deltakarane arbeider saman for ei større sak, samtidig som ein kan dele naturopplevingar og sosialt samvær. Gruppene har besøkt Atlanterhavsparken der dei har fått omvising og deltatt på workshop før dei har vore ute og rydda. Prosjektet går i første omgang fram til sommaren 2024.

Ryddesjau i fjordstrøk

Dei fleste tilsette i SF gjennomførte rydding av indre kyst nokre fine sommardagar i juni saman med Skjærgårdstjenesten. Vi hadde også i år gleda av å ha Statens Naturoppsyn med på laget ein av dagane. Det vart rydda omkring to tonn i området frå «kryset» Sunnlyvsfjorden/Geirangerfjorden og til Fausa/Stordalsholmen og til Linge/Eidsdal, som er eit strekke på om lag 8 mil. I 2024 vil vi halde fram med å rydde oss utover i fjorden.

Nettverket

Nettverk Marin Forsøpling Møre og Romsdal er ein samlearena for dei som er opptatt av marin forsøpling i fylket og er drifta av Runde Miljøsenler, Sunnmøre Friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal.

Til saman 199 deltakarar har vore med på arrangement i regi av nettverket; tre nettverksamlingar, ryddeaksjonar og ei fagsamling.

I 2023 var det samling på Runde med fagleg inn-

hald både inne og ute. Sommarsamlinga vart lagt til Grip med rydding på holmane, og haustsamling på Ona med strandrydding, årsmøte og fagleg påfyll.

Nytt for året er nettsida www.marin-forsopling.no, som vi er veldig stolte over, med m.a. informasjon om kommande arrangement og korleis gjennomføre ein ryddeaksjon på ein trygg måte. Facebookgruppa er stadig veksande med 315 medlemmar i skrivande stund.



«Rigmor», Torgeir, Roger og fornøgde dykkarar under «Den store dekkoperasjonen» i Ålesund Foto: Linda Bakken.

Rydd Norge 1, ferdigstilt 2023

I oktober 2021 signerte Sunnmøre friluftsråd kontrakt om gjennomføring av Rydd Norge 1. Dette prosjektet var det første nasjonale ryddeprogrammet og gjennom det vart det rydda førti prosent av ytre kyst, samt prioriterte vassdrag. Rydd Norge 1 blei avslutta i desember 2023.

Saman med Plastfritt Hav, Plastfritt Hav og TAVAHA Fjørtoft har SF rydda dei prioriterte områda Erkna, delar av Godøya, Vigra, Lepsøya, Haramsøya, Flemsøy/Skuløy og Sandøy, og heile Fjørtofta, Finnøya, Seterøya og



Ryddetokt i ulendt terreng. Foto: Beate A. Kjerstad.

RESULTAT:
5000 ryddetimar
68 tonn levert
marint avfall


omkringliggende holmar. Det er registrert 68 tonn levert avfall, noko som må seiast å vere formidabelt ettersom mykje av desse områda er rydda tidelegare av frivillige gjennom fleire år.

Det er lagt ned over 5 000 ryddetimar og ein god porsjon svette! Til trass for mange utfordrande arbeidssituasjonar, har vi unngått personskadar, noko vi er svært glade for.

Vi er særst spente på korleis dette prosjektet vil påverke arbeidet med marin forsøpling framover, då vi veit at søpla «vandrar» mellom stadar med vind og vêr. Plast som blir liggande blir brote ned til mindre og mindre bitar, som blir stadig vanskelegare å fjerne frå naturen. Med denne «nullstillinga» av område med stort påslag, håpar vi at vi vil merke ei betring i åra som kjem. Prosjektet har også gitt SF gode inntekter, som har vore med å trygge andre prosjekt.



Rydd Norge Møre og Romsdal



Områda som er skravert med rosa skal ryddast i 2024-25. Sunnmøre friluftsråd skal rydde i sona MR-3.

Rydd Norge 2, tildelt 2024-28 (Giske, Haram, Sula og Ålesund)

Vi er svært glade for å fått fornya tillit og nytt oppdrag frå Handelens Miljøfond. Rydd Norge 2 skal gå i perioden frå 2024 og ut 2028, og skal rydde ytterlegare 30 prosent av kystlinja. Vi har no signert kontrakt i to år, med opsjonar for ytterlegare tre år. Områda er ei blanding av vedlikehaldsrydding frå Rydd Norge 1, og nye område i kommunane Haram, Giske, Sula og Ålesund.

Store deler av områda er freda i ulik grad. Vi ønsker framleis å ha eit samarbeid med våre ryddepartnarar, i første rekke Plastfritt Hav, Plastpiratane og TAVAHA Fjørtoft, sjølv om ny kontrakt er kraftig redusert i omfang og vil gi mykje mindre aktivitet enn det har vore i dei to føregåande åra.

Også i dette prosjektet er Skjærgårdstjenesten ei viktig brikke. Dei bistår med båttransport av mannskap og avfall. Vår gode kontakt med Statens Naturoppsyn som rådgjevar, er av stor verdi og gir oss tryggleik i at rydding av marin forsøpling ikkje blir forstyrrende for flora og fauna. Handelens Miljøfond vidarefører prosjektet i ein mindre skala i Rydd Norge 2. Administrator for Møre og Romsdal er framleis

Marbio AS, mens SALT har rolla som programleiar for Handelens Miljøfond.

Vi er glade for å ha signert ny kontrakt fram til 2028, med opsjon på forlenging i ytterlegare tre år.

Rydd Norge 2 skal dekke 15 prosent av kystlinja i 2024-2025, og ytterligare 15 prosent 2026-2028 om Handelens Miljøfond utløyser opsjon for alle tre åra. For vår region betyr det at prosjektet vil omfatte både vedlikehaldsrydding og førstegongsrydding. Vedlikehaldsryddinga vil bli på Fjørtoftsneset og Gjøsummyrane på Vigra. Det vil seie at områdene blei rydda ein gong i Rydd Norge 1, og skal ryddast ein gong til i den kommande perioden. Dette vil gi spanande data om kor mykje marin forsøpling som har blitt slått opp på land av sjøen sidan førre rydding. Den andre delen av prosjektet er førstegongsrydding, altså områder som ikkje har vært rydda før i Rydd Norge-samanheng. Områdene strekker seg frå Harøya i nord til Sula i sør.

Ryddinga startar opp i februar 2024.

Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal

Skjærgårdstjenesten i fylket er eit spleiselag mellom Staten v/Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune og dei to friluftsråda i fylket. Staten betalar 50 prosent av kostnadane, og fylkeskommunen og friluftsråda betaler 25 prosent kvar. I 2021 signerte vi ein samarbeidsavtale mellom dei fire partane, der Sunnmøre friluftsråd står for drifta og har det daglege, økonomiske, administrative, juridiske og operasjonelle ansvaret.

Båt og mannskap er stasjonert i Ålesund, men skal operere i heile fylket. Hovudoppgåvene er drift, skjøtsel og tilretteleggingstiltak i statleg sikra friluftsliv-område, og er ein viktig reiskap i arbeidet mot marin forsøpling.

Sunnmøre friluftsråd gir oppdrag til skjærgårdstjenesta for våre område. Tenesta er også ein sam-

arbeidspart for Statens Naturoppsyn og del av beredskapen i fylket.

Arbeidsbåten «Rigmor» er viktigaste verktøyet, men ved behov får tenesta bruke den som passar best av dei tre mindre arbeidsbåtane til Sunnmøre friluftsråd.

Hovudformålet for Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal er å ivareta naturen sitt mangfald, og auke forståinga blant folk når det gjeld verdien av dette. Målsetjinga vidare er å bidra til at bruken av naturen aukar, samt å bidra i kampen mot marin forsøpling.

Vi kan dele dette inn i seks hovudpunkt:

- Å drifte og vedlikehalde allereie etablerte installasjonar på sjønære, offentleg eigde eller statlig sikra friområde i Møre og Romsdal for å tilrettelegge for fine opplevingar i naturen.



«Rigmor». Foto Torgeir Sund.

- Oppgradere og forbetre eksisterande område etter bestilling frå de to friluftsråda i fylket. Dette med bakgrunn i at dei to friluftsråda søker midlar til dette etter medlemskommunene sine forvaltningsplanar og ønske.
- Etablere nye brygger og tilrettelegge på nye friareal etter statleg sikring som i punktet over.
- Vidareutvikle samarbeidet med Statens naturoppsyn (SNO), lage rutinar og samkøyre oppdrag for synergieffektar.
- Vere ein aktiv ressurs i kampen mot marin forsøpling, ta ansvar for rydding av statleg sikra område, men også vere ein utøvande funksjon for dei to friluftsråda i fylket som deira operative eining til strandrydding i heile fylket.
- Videreutvikle avtalar og samarbeid mellom ansvarlege partar i Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal, som igjen fører til utviding av aktivitet og oppgåver fordelt utover heile fylket.

Status båtar og mannskap

Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal har i 2023 hatt ein fast tilsett 100 prosent og ein 80 prosent stilling. Skjærgårdstjenesten har i tillegg nytta tilsette i Sunnmøre friluftsråd når dette har vore mogleg, og det har vore kapasitet til dette. Det har også vore leigd inn sommarhjelp og ekstrahjelp ved behov. Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal disponerte fire båtar i 2023:

- «Rigmor» som Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal kjøpte av Ryfylke friluftsråd i 2018 (gamle «Ludvig»)
- Sunnmøre friluftsråd har også tre båtar som Skjærgårdstjenesten har disponert, det er en aluminiums arbeidsbåt på 7,70 m med bauglem og utanbords motorar, ein Pioner Multi og ein Pioner 14.

Arbeid gjennomført i 2023

Oppdrag for Statens naturoppsyn SNO:

- Tilsyn av ulike område og bruken av desse
- Fellesaksjon med SNO og kystvakt mot ulovleg fiske
- Samarbeid med rydding av marin forsøpling
- Rydding av fuglereservat
- Frakt av utstyr
- Sjekk av diverse skilt
- Montering av nye skilt
- Køyring av oppsyn av laks-/ørretgarn og teinefiske
- Felle-fangst etter mink



Torgeir Lausund Sund (t.v.) er dagleg leiar av Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal og fast skipper på «Rigmor». Christian Ødegaard er matros.

Skjøtsel/vegetasjonspleie:

I fjor som tidlegare år har vi i vinterhalvåret brukt mykje tid på skjøtsel og vegetasjonspleie.

Vi har følgt opp kommunane og statsforvalter med å kartlegge mengdene med artar som er uønska, samt kva for område det er ønske om å prioritere fjerning av desse.

Det er også brukt mykje tid på skogrydding langs stiar, samt fjerning av rotvelt.

Områda vi har jobba mest med er Forøya i Averøy, Skråvika i Ørskog, Hundsvær, Tyskholmen, Svinøya, Vikholmen, Mauren og friområdet ved prestebrygga på Sjøholt i Ålesund, og Langevågsholmene i Sula.

I Averøy har vi rydda og brent etter eit avskogingsprosjekt som var igongsett for nokre år sidan.

Fjerning av uønska artar har i hovudsak vore på Hundsvær, Tyskholmen og Svinøya. Det er sitkagran, lønn, bulkemispel og rynkeroser som i hovudsak har blitt fjerna.

Det har også blitt jobba med vegetasjonspleie, fjerning av einer og krattskog for å opne opp og gjere område tilgjengelege for folk. Det er også blitt beitepussa der det er framkommeleg for beltepusaren.

Tilretteleggingsprosjekt

1. Padleruter Nordmøre og Romsdal: Prosjektet har fått overført midler fra Skjærgårdstjenesten og har status «Gjennomført etter plan»
2. Fast grill på Vikholmen: Grillen er kjøpt inn og frakta på plass. Prosjekt avslutta.

3. Sti og toalett Hundsvær Sunnmøre friluftsråd/ Ålesund: Prosjektet er delvis gjennomført etter plan, med unntak av noko snikkararbeid som gjenstår på kledninga av toalettbygget, samt finplanering av stien. Vi må nok supplere noko grus på ei flyging til når det blir ein mildvêrsperiode.
4. Reparasjon av kai Brendholmen (Rognholmen): Prosjektet er gjennomført etter planen og avslutta.

Marin Forsøpling

2023 har vore eit bra år i kampen mot marin forsøpling! Vi har gjennomført mykje rydding for eigne midlar og vi har hatt mange oppdrag for Sunnmøre friluftsråd.

Oppdraga har i hovudsak gått ut på å hente inn søppel etter dugnader, samt deltaking og logistikkoppgåver under dugnader på krevjande plassar. I år har det vore meir ryddeoppdrag ytst i havet på lokasjonar det er vanskelig og komme til på. Dette er gjennom prosjektet «Rydd ytre kyst» som er finansiert av Handelens Miljøfond.

I tillegg til dette har Skjærgårdstjenesten fått litt midlar direkte frå Miljødirektoratet. Midlane har blitt nytta til rydding og innhenting av ein del større gjenstandar som båtar og forliste brygger, samt rydding av fuglefredningsområde. Vi har også hatt med grupper av frivillege som har sett av tid til å rydde. I år har vi blant anna hatt med nokre grupper frå Statsforvalteren på rydding.

Den største enkeltaksjonen vi har vore med på i 2023, var vidareføring av rydding i Geirangerfjorden.



Espen Barth Eide fekk sett alle dei statleg sikra områda som friluftsrådet har drift ved i Ellingsøyfjorden.

Dette gjekk over mange dager, og gav godt resultat.

Skjærgårdstjenesten har også vore i oppdrag for Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, i samband med innhenting av ei gammel kai på avveie.

Vi har også hatt nokre aksjonar med dykkarar frå forskjellige dykkerklubbar for rydding på havbotn.

Drift og vedlikehald

I driftsåret 2023 har vi brukt mykje tid til stell og mindre til vedlikehaldsarbeid.

Vi har ferdigstilt grindstova på Stafsethneset, gjennomført nokre tilretteleggingsprosjekt, samt gjennomført vedlikehald på eksisterande kaier og bygg.

Vi har også bistått Sunnmøre friluftsråd og etablert hengekøyparkar.

Normale driftsoppgåver er også gjennomført, t.d:

- Tilsyn av moringar
- Utsett og opptak av badebøyer
- Tilsyn og vedlikehald av stupetårn
- Reparasjonar av landgangar og brygger
- Grillar har blitt bytta ut og bålplassar etablert
- Laga nokre vedstativ
- Klipping av gras i alle område
- Måling og beising
- Vask av toalett og halde orden

Beitedyr

Vi har vidareført godt samarbeid med fleire sauebønder, og prøvar å legge til rette for at fleire tek i bruk dei mange holmane som beiteareal.

Vinteren 23–24 har vi ikkje hatt vinterfôra dyr på våre område. Vi bistår med frakt av dyra, og fraktar ut mange dyr når våren kjem. Vi flyttar rundt til fleire holmar i løp av sommaren, etter beitetrykk og tilgang på mat. Vi har ca. 250 dyr på sommarbeite på friareal som vi har ansvar for.



Aksjon med dykkarar ved Sørneset i Ålesund. Foto: Torgeir Sund.



Fellesaksjon med Kystvakta og SNO. Foto: Fredrik Gustavsen.

Båt status og tilstand

Det har ikkje vore endringar i båtparken første halvår i 2023. På ettersommaren blei den minste Pioneren seld og den store Pioneren stole. Dette medfører at vi til neste sommar må sjå på ei ny løysing på avviklinga med sommarhjelpar som i hovudsak har brukt dei minste båtane.

Vi har også i år hatt nokre vedlikehaldskostnadar på «Rigmor», men betydeleg mindre enn i 2022

Elles har vi framleis litt oppgradering av «Rigmor», og sjølvstøtt følgd opp alle båtane med servisar og vedlikehald.

Timeforbruk båter

«Rigmor»	420 timer
«Sandtangen»	220 timer
Pioner Multi	120 timer
Pioner 14	50 timer

Vi har i 2023 logga 136 dager på sjøen, og på enkelte av desse køyrer vi med fleire båtar samtidig.

Dagane på sjøen er fordelt mellom dei ulike oppgåvene og områda vi jobbar i.

Mange av desse dagane har vi oppgåver i mange kommunar, og innan fleire av oppgåvefeltene utfører. Dette for å utnytte kapasitet og utføre oppgåver så driftsøkonomisk som mogleg.



Reperasjon av kai - førbilde. Foto: Torgeir Sund.



Reperasjon av kai - etterbilde. Foto: Torgeir Sund.



Medieomtale

Også i 2023 har Sunnmøre friluftsråd fått god medie-dekning i arbeidet vårt - over heile Sunnmøre. Vi har sendt ut 11 pressemeldingar som har vore adressert til dei media over heile Sunnmøre og i Vestnes. I tillegg til at vi har sendt ut pressemeldingar, har media også kontakta oss ved ei rekke anledningar.

Utanom lokalavisene har vi også hatt fleire innslag i NRK Møre og Romsdal, både TV- og radiosendingar. I pressemeldingane våre har vi lagt vekt på å gjere

arbeidet vårt kjent. Likeins å få fram omfanget av det frivillige arbeidet, samt takksemd over økonomisk støtte frå viktige bidragsytarar som Sparebanken Møre, Handelens Miljøfond, Gjensidigestiftelsen og Wattn, i tillegg til kommunar, stat og fylke.

Arbeidsområda som har fått mest omtale er Stikk UT!, Slå på ringen og Kajakk i skulen. Men også ryddearbeidet med marin forsøpling har vore godt dekt.



Fører Sølun og leder Bekke frå Sunnmøre friluftsråd arrangerte aktivitetsturs i Vignatulen omring for skuleane i Giske. Foto: Knut André Hestheim

Leikepatruljekurs i Giske:

– Færre barn har grunnleggande ferdigheiter

Barneskuleleiar i Giske har fått vore med på aktivitetsturs i regi av Sunnmøre friluftsråd. Målet er mellom anna

elvarer namn i Vignatulen, der dei fikk lære seg på felle aktivitetar.

Leiar Bekke frå Sunnmøre friluftsråd seier til stykket at det

... Og der står vi i kontakt med alle, barn trygg mellom anna å læste ta fram- og bakover-øtta. Det handlar om å ha via fekkulid rygg. Man treng åg å lære seg å stå på berstokke, å stå med ryggen mot å stå



- Engasjementet rundt "Stikk ut" er enormt

- Engasjementet rundt Stikk ut er enormt og vi er veldig stolte av at regionen vår tronar øvst i landet når det gjeld å gå på tur. seier Hilde

dei verdifulle områda vi ferdast i, seier Liv Synnøve Hoel i Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal. Dei framhevar at ein må ta omsyn, t.d. ha hunden i band og halde avstand til beitedyr. - Å ferdast utan å etterlate

Friluftsrådet og Stikk ut-kontaktene i kommunane inviterer innbyggerane med ut på tur. Fv: Stije Kiperberg Alesnes (Hareid), Kristin Soll (Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal), Mathilde Solbakken (Ålesund), Kai Oskar Eidsvik (Ålesund), Hilde Ellingsæter (Sunnmøre friluftsråd), Liv Synnøve Hoel (Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal), Kristi Linge Skokkestad (Fjord), Ragnhild Steinheltn (Stranda) og Anne Bort Støyva Emblem (dagleg telar Sunnmøre friluftsråd). (Foto: Stikk ut)

Stikk ut-turmål i Bygdebladdistriktet

- | Fjord | Ålesund (Haram, Skodje og Ørskog) |
|------------------------------------|-----------------------------------|
| 43. Bedringens veg i Valldal | 458. Amdamsetra |
| 44. Botnastølen i Stordal | 459. Apahlvassetra |
| 45. Brekkevatnet frå Valldalssætra | 462. Blåskjerdjengen |
| 46. Dyrdalstinden i Stordal | 463. Breinakken (ny) |
| 47. Eidsheia (ny) | 464. Dyrshamnne |
| 48. Elvforbygninga i Stordal | 465. Elvstien, Sjøholt |



Miljøvernministeren imponert over "Stikk ut"

20 prosent av oss går "Stikk ut". Det salet imponerer Klima- og miljøminister Espen Barth Eide, som var på besøk i Ålesund forrige dag.



Samla 127 kg med skrot frå fjøra i Fiksdal

127 kilo skrot vart resultatet då elevane ved Fiksdal friskule brukte halvannen time på rydding langs eit lite område i fjøra i Fiksdal.

ren seier skulen dei siste vekene har hatt «Lives i havet» som tema, og at strandryddinga var ein del av dette. - Den viktigaste læringa ved å la elevane rydde på denne måten er å ikkje kaste frå seg søppel, verken i fjøra eller i sjøen.

frå Sunnmøre friluftsråd var på plass i samband med ryddinga. Ho orienterte elevane på ein enkel måte om dei alvorlege problema med marin forsøpling, men utan at det skulle bli alt for skremmande.

Miljøpengar Ho hadde også med seg 7.500 kroner i motivasjonsmidlar som skulen hadde søkt om. - Det er pengar frå Handelens Miljøfond, for sal av plastposar i butikkane.

Ekskursjonar Lærar Hilde Lil seier skulen har hatt «Lives i havet» som tema i tre veker. - Vi har vore på besøk ved Eik Semfisk i Tomrefjord, og ved Salmar sine anlegg i Molde.

Stor fangst etter stranding: På venstre Theodor Mariken, Olav Nøkken, Daniel Fjellstad, Heine Dukk Lien, Mathias Mathsen Bergum, Roni Hjeltnes Høglund (Sunnmøre Friluftsråd), Martinus Kongshaug Mariken og Fredrik Danielsen Høglund.

med i den landbruksplan de hoppastakskurranen «Kopp for hjertet», i regi av Nasjonalbøringsen til folkehelsen. 94.000 eleva frå 4. til 7. trinn over heil landet er med.

Pakka sakene sine og flytta til Digernes

- Vi såg oss om etter større lokale, og fann dette som passa perfekt her på Digernes. Sentralt og nært natur og sjø, fortel Anne Berit Stava Emble og resten av gjengen i Sunnmøre Friluftsråd.



Jan Arne Frøy, som har flytta i nybygg, er med.

BB - RUTH JARNE VINGE
I mellom år månnakke Sunnmøre Friluftsråd med sakene sine og løst flytte til Digernes.
- Vi har vokst oss ut av den gamle lokala. Her får vi kontor og lagringsrom, og egne møterom der vi kan ha kurs for ca. 15 personer. På etasjen der vi er før måtte vi dele på fasiliteter med andre firma, sier daglig leder Anne Berit Stava Emble. Etasjen er 10 tilfalte i 7,8 arealer.
- Vi har jobba med markedsføring, sidan 2016.

Sunnmøre friluftsråd vil låne badeplassar

Sunnmøre friluftsråd skal arrangere friluftsskule for barn/ungdom mellom 11-13 år i Volda igjen i år. Det er ei veka med mange friluftaktiviteter på dagtid, som blant anna kajakk og orientering. No søker dei om å få bruke Arneset tystlag 4. juli, og Botrasanden onsdag 5. juli. Dei vil sette opp ein lavvo på Arneset dersom det regnar.

- Vi har då orientering halve dagen 4. juli, og noko anna resten av dagen. Så dersom det er mange folk der så brukar vi betre plassen som base for å ta utgangspunkt i.



Helene, Ronja, Irja, Thomas Urnack Larsen, Simon, Gavte og Tobias kosar seg på friluftsskule. - Dei einaste gongane og går ut er når eg skal på tur med hunden min, no har eg ein god grunn til å kose meg ute, fortel Helene.

Inger Bakke i Leikepatruljen: - Vi må kunne stille krav til borna

Sist torsdag heldt prosjektleiar Inger Bakke frå Leikepatruljen i Sunnmøre Friluftsråd kurs for utvalde elevar i vestnesskulane. Samtidig fekk friluftsrådet ein sjøkk på 600.000 kroner frå Gjensidigestiftelsen.



Holder Lilleba frå Gjensidigestiftelsen kom med 600.000 kroner til prosjektet «Stå på ringen» - uteliv for betre folkehelse, her representert ved prosjektleiar Inger Bakke. I bakgrunnen kursdelaktarar frå skulane i Vestnes.

BB - EDMUND MELKILD
- Vi må ikkje vere redda for å stille krav til borna, og gj dei utfordringar. Gjærne på å gjere ting dei ikkje built får til. Slik får vi meir robuste barn som om at noko har skjedd noko med den fysiske kapasiteten til barn dei siste 40-50 år, for eksempel når det gjeld balanse, smidighet og reipertor på uteaktivitetane er dessverre mykje mindre no enn for nokre år sidan. Vi må få tilbake mangfaldet og variasjonen på aktiviteten skulegården. Det viktigaste av alt er at barna skal gjere det føddi det synest dei er morot alle lenger tar.

Folkehelse
Leikepatruljen er ein del av prosjektet «Stå på ringen» - uteliv for betre folkehelse. Målet er å styrke den stilsvarte utelivelsen

- No har eg ein god grunn til å kose meg ute

Det var god stemming på friluftslivsskule, og aktivitetane har gitt dei unge nye og kjekke opplevingar av det å vere ute.

Larsen synest det er fint å bruke tida med unge.
- Eg jobbar som turguide til vanleg, kanskje for litt andre menneske. Eg må seie at barna her er veldig flinke og gode å ha å gjere med. Dei smiler mykje og smila er autentiske. Dei er nysgjerrige på det dei vil vere nysgjerrig på. Om ein gir dei eit kart og kompass vert dei fort interessert, seiar han.



Denne veka har det vore arrangert friluftslivsskule i Volda, i regi av Sunnmøre friluftsråd. Dei har arrangert skular fleire plassar på Sunnmøre i år. Denne veka har born mellom 11 og 13 år fått underhale seg med alt frå bading til kajakk til orientering og

Ny sti til «ny utsikt»

Det finnes en sti over Ålesund som innlir nå har trent en tur langs en holk på kystpartiet til. Nå har både barn og voksne blitt mer tilgjengelig for flere, takket være et initiativ fra Aasmund Øst Rotaryklubb.



Onsdag kl. 18.00 blir intervju uteaktivitetene av Dillan Ewa Vibe Aurdal. Vi var ute mandag og fikk prøve både stien og stullene.
- Egretlig er dette et prosjekt vi har gjort sammen med siden for kommunepartiet, men det har blitt kjøpt litt på frukt vi måtte gjøre andre prioriteringer. Men nå er den stien klar til bruk, sier en stolt Kjell Eil Sandli som har vært prosjektleder for stierne hos Aasmund Øst Rotaryklubb, sammen med Jarle Holmstad.

Kjell Sandli, Erlend Ringnes og Jone Arne Sævi Eilund. Foto: Kari Våg Sandli

Kajakk i skulen i regi av friluftsrådet

«Kajakk i skulen» er Sunnmøre friluftsråd si satsing for mer og bedre bruk av kajakk i skulen. Prosjektet er svært vellykket og er truleg den største målretta satsinga på kajakk i skulen i Noreg. Friluftsrådet ynskjer nye skular og fleire lærarar på Sunnmøre velkomne med i prosjektet!



Kajakk i skulen. (Foto: Christer Lundberg Nes)

i nærmiljøet til skulen, som er med, fortel Christer Lundberg

Sunnmøre friluftsråd med turkalendar



Sunnmøre friluftsråd har kome med eigen turkalendar med ei rekke arrangement der ein kan følge lokale førarar og grupper i naturen på Sunnmøre og i Vestnes.

FULLT PROGRAM: Det er mange fototurar tilpassa ulike turglade i brosjyra frå Friluftsrådet.

Ingen av turar ven kommunestyra at mang kan høve og også for folk i fylket.
Turane skil i løpet av stien. På nokre leiarane i tillegg halde dei gåvegs, formidlar tema under i brosjyra så det er lokal

Fann store mengde søppel langs fjorden

Denne veka har Sunnmøre friluftsråd rydda langs Sunnlyvsfjorden. Det vart samla om lag tolv kubikk meter søppel.



Om lag tolv kubikk meter søppel vart samla i løpet av aksjonen. Her ser du nokke av Oct. F., Hilde Ellingseter, Gard Sund, Heine Sand, Malin Fjelland Skjæ, Christian Ølgaard, Roger Wulstad. Her er skjæringslinjen: Torger Sund og Fredrik Gustavsen frå Statens naturvoeroms

- Knallfin dag på verdas beste SFO

Måndag denne veka fekk SFO ved Ringstad besøk av to kjekke damer frå Sunnmøre Friluftsråd, Ragnhild Wirak og Ingrid

Gjennom friluftsrådet arrangerer dei friluftsturer for elevene som har SFO i høstferien for 10 elevar frå 1-3 trinn. Arrangementet skal vere eit lag med aktivitetar som vis, vandring, akse, naturstudie osv., med enkelte kringar, som mobbing, vakk, diskusjon og markering.
- Studentane tok oss med til Ballbøden, der barna fekk skjere opp grannaker og lage laborer på hald. Dei arrangerer også leikar med barna, som å siert og naturm i lek og læring med elevene, først i miljøgruppa på skule og SFO, Erna Tønsd Røysland.
Jan Ole Adalsten, som er tilsett ved skulen hos i Rausla og er med barna til å gjere naturboka skulle bruke Beve SFO i løpet av høstferien, både på Vign Øst og Volda, og hadde alle eit skikkeleg festoppgave program, uttale dei til Ragnhild Wirak, som gjer somme opp for ei knallfin dag på den, ho, knall



Ragnhild Wirak og Ingrid Lantzen frå Sunnmøre Friluftsråd passa på ved bålet. Foto: ROLF ANNE FYRDE

Stifond frå Stikk ut skal gi betre stiar

stadar ført til stygge sår i naturen og enkelte parti har fått stor slitasje.

Stikk UT! lanserer no sitt eige stifond som skal gi første-hjelp til Stikk UT!-stiane i fylket.

BB - RUTH JANNE VINJE

Stifondet er ein del av Stikk UT! sitt bidrag til eit meir bærekraftig friluftsliv i regionen vår, opplyser Friluftsrådet i ei pressemelding.

Innbyggarane i Møre og Romsdal har gjennom Stikk UT! vist at dei er blant dei ivrigaste turgå- arne i landet. Vår vakre og lett tilgjengelege natur er for mange førsteval når ein skal velje seg ein fritidsaktivitet. Men tereng og klima med meir nedbør, samt auka ferdsel, gir slitasje på mange av stiane. Gjørmete stiar, våte myrer og vatn som tek nve vegar og skvl-



No skal turstiar gjerast betre ved hjelp av eit eige Stifond frå Friluftsrådet. F.v. Hanne Alvestad, banksjef i Sparebanken Møre Digernes, Ola Fremo, dagleg leiar i Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Anne Berit Støva Emblem, dagleg leiar i Sunnmøre friluftsråd og Kolbjørn Heggdal, banksjef i Sparebanken Møre.

Samarbeid
- Det er med stor glede at vi har fått oppretta eit eige fond der det skal vere lett å søke midlar til små prosjekt der ein raskt kan finne bærekraftige løysingar på slike problem, seier Ola Fremo, dagleg leiar i Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal. Turstifondet er meint som eit supplement til alle dei eksisterande tilskottsordningane som gir støtte til utbetringar av turstiar.

Det er Stikk UT! sin hovudsponsor Sparebanken Møre som har gjort turstifondet mogleg ved at dei har gitt 500.000 kroner til dette.
- Gjennom samarbeidet med friluftsråda om Stikk UT! har vi sett mykje verdifull kompetanse som kan bidra til å gjere dette arbeidet endå meir verdifullt. Så no ser vi fram til

Vil let frivill Stian bruke frivill rundt muna no sk jobb til ut som b - Dei uvur Utan villeg og til det ik Stikk som Anne blem, møre opna dei to ser no man n komm til ret kan f gien

Meiner tiltak gir meir tilbake enn betalt kontingent

Sveinung Vernøy, som er listekandidat Senterpartiet i Sykkylven vil løfte fram Sunnmøre friluftsråd, som han meiner er ein ressurs for bygda.



- Vi har på ein måte gløymt kor viktig leiken er

Slå på ringen. Hauk og due. Katt og mus. Alt er leik. Og leiken har si eiga drivkraft og sin eigen verdi, og må slett ikkje gå i gløymeboka. Det meiner friluftsrådet som vil ha oss til å leike meir.



No vert det leikepatruljar i Volda-skulen


Dei som vil bli leikepatruljar i Volda-skulen, får i tillegg til utrustning og turtøy, også ein dagleg leder i Sunnmøre friluftsråd.

Leikepatruljar er ein viktig del av friluftsliv og leik. Dei vil bidra til å gjere det tryggare og meir spennande for barn og ungdom. Dei vil også bidra til å gjere skulen til ein trygg og inkluderende arena for alle.

Leikepatruljarne vil bli utrusta med turtøy, leikeutrustning og turtøy. Dei vil også få ein dagleg leder i Sunnmøre friluftsråd som vil gi dei den nødvendige støtte og oppfølging.

• Friluftsrådet med populært tilbud for barn og ungdom:

- Gøy! Lærerikt!



Autrekking blir nok ein populær aktivitet under friluftsskolen, til venstre kjemper Aksel Emblem og Emil Sollibakke mot Mads Røys Storeide og Simon Akslen, mens daglig leder i friluftsrådet Anne Berit Støva Emblem er «dommer».

Emil Sollibakke og Aksel Emblem, to av fire 13-åringar frå Emblem vi møter på Stafsethneset, har store forhåpningar straks skolen er over.

Sammen med Simon Akslen og Mads Røys Storeide er kameratgjengen på fire påmeldt til Sunnmøre Friluftsråds friluftsskole på Stafsethneset i dagane 27. til 30. juni.

- Vi var på leir i Sjølekavik for to år sidan, sier Simon. Der fikk guttene fiske, lære seg å sette opp telt og delta på konkurransar.

Nå skal kvartetten altså delta på friluftsskolestilbud sammen med 16 andre.

For taket på hver av dei fire friluftsskolene som tilbys er 20 plasser, kan Anne Berit Støva Emblem fortelle.

Hun viste fram plassen for guttene da Sunnmørsregionen fikk henge seg på i det natur-skjønne området der også friluftsrådet har fått satt opp ein grunntur, det vil si ein ekstra stor utgave av ein gapahuk. Der er det faktisk plass til to skoleklasser under tak.



Anne Berit Støva Emblem er dagleg leder i Sunnmøre Friluftsråd.



- Vi henter instruktører fra Høgskolen i Volda, det blir tre av dem på hvert arrangement.

Aud og Arnhild serverer kaffi og kake kvar tysdag

Kvar tysdag frå kl 11-14 dekar Aud Oddrun Grimstad og Arnhild Vartdal Tøegne opp med kaffi og kaker til alle som kjem innom gapahukene på Rotarystien på Hareid.

Rådene lyster framme og tilfølgende berget som står på bakgrunn. Kaffi er gratis, men det er viktig å ha med seg ein kopp kaffi. Det er datter på tur i Rogaland i 2020. Beste synet det var så kjekt at det ville viderbringe ei fantastisk sosial verdning, og nok detvend kontakt med friluftslivetsverden.

Ein slikt tilbud vert godt teke inn i ein periode der friluftsliv er så viktig og ein behøver støtte. Tre år seinare skal bli ein fast møteplass for alle som kjem innom gapahukene på Rotarystien på Hareid.

Ein slikt tilbud vert godt teke inn i ein periode der friluftsliv er så viktig og ein behøver støtte. Tre år seinare skal bli ein fast møteplass for alle som kjem innom gapahukene på Rotarystien på Hareid.



Aud Grimstad og Arnhild Tøegne framfor gapahukene på Rotarystien. FOTO: ODD RINGE/SOLDA

Rekordsesong: 83 gongar rundt jorda med Stikk UT!



F.v. Hilde Ellingspeter, Stikk UT-ansvarlig i Sunnmøre friluftsråd, og Liv Synnøve Høi i Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, prosjektleder for Stikk UT! i fylket

- Det er heilt vilt! Vi har fått mange positive tilbakemeldingar frå deltakarane om korleis Stikk UT! har gjeve oss nye høgdar.

Rekordar og deltaking Stikk UT!-sesongen har vist ein bemerkelsesverdig vekst i deltaking. Med ein gjennomsnittlig turistall på 341 arbeidsplassar har dette i år med 3 980 deltakarar som har registrert 290 000 turar. Tillegg vart turglede i regionen fetts med ein eigen Stikk UT!-festival i Friluftslivets veka, der 43 000 turar vart registrert.

341 arbeidsplassar har dette i år med 3 980 deltakarar som har registrert 290 000 turar. Tillegg vart turglede i regionen fetts med ein eigen Stikk UT!-festival i Friluftslivets veka, der 43 000 turar vart registrert.



Grunntur på Stafsethneset er reist av Sunnmøre Friluftsråd og er eit populært tilhøldsted når været er ugunstig.



Autrekking blir nok ein populær aktivitet under friluftsskolen, til venstre kjemper Aksel Emblem og Emil Sollibakke mot Mads Røys Storeide og Simon Akslen, mens daglig leder i friluftsrådet Anne Berit Støva Emblem er «dommer».

...ne, seier banksjef
ørn Heggdal i Spa-
ken Møre.

...te jobben for dei ...ge

...e som Stikk UT!
...er er tilrettelagt av
...ge og grunneigarar
...om i deltakarkom-
...ne. Det er desse som
...al få ein litt enklare
...med å skaffe midlar
...betringar av stiene
...lir brukt.

...frivillege gjer en
...terlig jobb for oss.
...dei fleire hundre fri-
...s som skiltar, merker
...rettelegg så hadde
...kje gått an å drive
...UT! i så stor skala
...vi gjer i dag, seier
...Berit Støyva Em-
...dagleg leiar i Sunn-
...Friluftsråd. 1. mars
...søknadsportalen og
...friluftsråda i fylket
...fram til å jobbe sam-
...med dei frivillege og
...munane med å legge
...te slik at endå fleire
...å oppleve turglede
...om Stikk UT!.

Ryddet på Godøya – fjernet to tonn med søppel

I løpet av juli har Sunnmøre Friluftsråd ryddet den ytre skjærgården på Godøya for søppel.



Her ved Ainesstunnele kan du parkere gratis om du skal gå tur på Godøyfjellet. Foto: Andreas Hesselberg

Kjempar for gratis parkering

FNF Møre og Romsdal vil ikke ha avgift på turparkeringer. Det er uroa for at det hindrar at folk kjem seg ut på tur.

ANDREAS HESSELBERG
andreas@postboks.no

Forum For Natur og Friluftsliv (FNF) Slane og Romsdal er eit samarbeidsforum som består av fleire natur- og friluftsskuleorganisasjonar. Målet dei Sunnmøre Friluftsråd. Foramt...

ring, noko som er i samsvar med moglegheita for å gjer dette enkelt til damen ved bruk av Veggs, skriv forumet i eit brev til kommunane.

Bekymringa er at denne typen avgiftspålegg gjer at folk vil svare seg for å parkere der og ikkje kome seg ut på tur. – Mange av stadene blir det kravd 30 kroner for parkering, noko som ikkje er eit stort beløp, men som i desse tider med prisaukning kan gjer at enkelte vel vekk...

til å komme seg ut på desse tilrettelegte stiane i den flotte naturen vi har, skriv dei.

Fryktar ekskludering
FNF meiner at å avvike frå gratisprinsippet i friluftslivet fører til ekskludering frå skogene og grunneigardar. Dei viser mellom anna til det Barne- og ungdoms- og familiedirektoratet har vektlagt om at barn ikkje skal hindrast utandørs. – At nokon...

sjøer om friluftslivet blir så dyrt at familiar ikkje har råd til at utandørs kan ta del i ein aktivitet. Etparkeringsavgift vil kunne på toppen av alle andre utgifter klyvst til å kome seg på tur i naturen, skriv dei.

FNF gir ros til enkelte kommunar og frivillige organisasjonar i fylket som samarbeider om å ha alle turparkeringer gratis, og det ber om at alle...

vere gratis, subsidiert eller ei lågast mogleg, som er heimla i friluftslivsparkeringsforskrifta, korrigerer dei.

FNF legg til at dei som utgifter, har eit visst husholdningsbudsjett og at parkering kan dette anse som ein utgift, men...

Satsar på kajakk i skulen



I 2023 har mange lærarar tatt grunnkurs kajakk gjennom opplegget "kajakk i skulen" i regi av Sunnmøre Friluftsråd. Foto: Dag S. Roland

Over 100 lærarar frå 20 barne- og ungdomsskular deltek i opplegget "kajakk i skulen" i regi av Sunnmøre Friluftsråd.

Startar skuleferien med friluftsskule

Også i år vert det friluftsskule i regi av Sunnmøre friluftsråd. Murvika i Skodje er ein av stadane der barna kan få ein kjekk start på sommarferien.

BB – RUTH JANNE VINJE

Friluftsrådet arrangerer kvar sommar friluftsskular for barn og ungdom mellom 11 og 13 år. I år blir det fire ulike friluftsskular: på Stafsethneset i Ålesund og ved Vasservatnet i Sula i veke 26, i veke 27, første veke i juli, er det i Murvika (Skodje) og i Volda.

Fire kjekke dagar
Sara Magnadóttir er også i år hovudkoordinator for

– Vi skal innom tema som orientering, kajakk og førstehjelp. Er det godt vil bli det spjosagst bading og ikkje minst masse leik og moro! Den siste dagen skal vi på ekskursjonstur.

Bål-mat

Mat på bål er både sosialt og lærerik. Sara fortel at det neste kvar dag blir varm mat på bål, der borna får vere med på heile prosessen.

Populært

Friluftsrådet sine friluftsskular er eit populært tilbod. Allereie ei veke etter at påmeldinga opna er det nesten fullt på friluftsskulane på Stafsethneset og i Volda.

– Det tenker eg betyr at dei hadde det gøy i fjor, og gjerne kjem igjen, seier Kristine Seibervik Lund som skal vere rettleiar i



Første veke i juli er det friluftsskule ved Murvika i Skodje. (Foto: Sunnmøre friluftsråd)

Premieretur til skjulte skattar på Lepsøya

Natt til 1. mai brakar det laus med ny Stikk Ut-sesong. Her kan du sjå ein eksklusiv tur av ein heilt ny tur. Turen er kort på papiret, men spekka med attraksjonar.

Dette er andre episode i serien «Kom da, så går vi!». Siste gjekk vi Midsundtrappene. Denne gongen gjekk vi i lag med solnedgangen til Rønstadhellaren, ein splitter ny Stikk Ut-tur. Rønstadhellaren er ein av Nord-Europas største sjøhellarar.

Midtvegs bør ein stoppe ved jettegrytene. Her har havkrefte kverna og polert fram badekulpar. Vatnet skal visst nok neste på badevannstemperatur på dei aller gunstigaste sommar dagane.

Før ein kjem til Rønstadhellaren, går ein rundt bergryggen Gyta. Der går ei djup kløft som vert kalla Sildesjølet. Her er mange sjøhellarar å utforske.

Siste etappe er frå ei slette og opp til mål. No kan ein sjå Rønstadhellaren. Ved foten av slette er det sett opp ei kasse kor ein kan stanse og lytte og få vite om både det eine og det andre – frå då det seinlandske skipet Columbine forliste, til hunden som visstnok kravla inn i Rønstadhellaren og kom ut hårlaus i Skjonghellaren.



Stikk Ut-duoen fekk seg ein magisk kveld på jobb. Her går so ned i havtåka. FOTO: KRISTOFFER ANTONSEN KRISTOFFER ANTONSEN / KWASS



Her vert den hemmelege koden klestra opp. Dermed er Stikk Ut-ruta klar for å ta rute-samlarar. Frå venstre: Finsæther og Of Sunnmørsporten, skiltmonter Seth, samt Emblem og Elling

Økonomi og rekneskap

Årsoppgjeret har ein omsetnad i 2023 på 18,15 mill. kr (2022: 15,7 mill. 2021: 13,9 mill., 2020: 13,1 mill.). Samla utgifter i 2023 er på 18,1 kr (2022: 14,7 mill. 2021: 14,8 mill., 2020: 13,4 mill.).


Årsresultatet i 2023 er på 0,03 mill. kr (2022: 1,1 mill., 2021: - 0,8 mill., 2020: 0,4 mill.). Det er innvilga 0,6 mill. kr i 2023 til driftsprosjekt, men desse vert ikkje utbetalte før ferdigstilling i 2024.

Kontingenten frå deltakarkommunane på totalt 3,2 mill. kr (2022: 3,1 mill. 2021: 2,9 mill., 2020: 2,6 mill.) utgjør framleis om lag 20 prosent av inntektene. Øvrige inntekter er i all hovudsak prosjekt-, administrasjons- og driftsmidlar frå Friluftsrådenes Landsforbund (FL), Miljødirektoratet, Handelens Miljøfond/Rydd Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK), Sparebanken Møre, Gjensidigestiftelsen, Wattn og sponsor- og salsinntekter frå lokalt næringsliv. Det er særleg arbeid mot marin forsøpling og drift av skjergardstenesta som fekk tilskot, men


også aktivitetsprosjektet «Slå på ringen», «StikkUT!» og andre aktivitetstiltak og tilrette- leggingstiltak fekk støtte. T.o. Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal fører også eige rekneskap og budsjett. Sjå også årsrapport 2023 for oversikt økonomi. Lønnsutgiftene er største utgiftsposten.

I 2023 er samla lønnsutgifter vel 8,4 mill. kr (2022: 7,4 mill., 2021: 7,1 mill. og 2020: 6,1 mill. kr) Dette er 1 mill. høgre enn i 2022.. Varekostnader er auka med 1,3 mill. i 2023 til 4,1 mill. kr (2022: 2,8 mill 2021: 3,2 mill. og 2020: 3,6 mill.). Andre driftskostnader er auka med 0,9 mill. i 2023 til 5,1 mill. kr (2022: 4,2 mill, 2021: 4,1 mill. og 2020: 3,4 mill.). Tala i saka er runda av til næraste desimal.

Friluftsrådet har merkbart større prosjektaktivitet i 2023, spesielt innan marin forsøpling, og derigjennom fleire arbeidstimar og auka drift. Lønnsvekst, vare- og driftskostnader er dekt inn gjennom prosjektbudsjetta.



Figur 1: Fordeling av inntekter i Sunnmøre friluftsråd i 2023. * Tilskot anlegg er innvilga, men vert utbetalt i 2024.



Figur 2: Fordeling av inntekter i Sunnmøre friluftsråd i 2022.

Av all kontingent innbetalt av kommunane i 2023, skaffa friluftsrådet 80 prosent inntekter frå andre kjelder. Vi rettar ein stor takk til deltakarkommunane, Miljødirektoratet, Handelens Miljøfond og Rydd Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK),

Friluftsrådenes landsforbund (FL), Sparebanken Møre, Wattn, Gjensidigestiftelsen, og alle lokale sponsorar til Stikk UT! som har finansiert arbeidet til friluftsrådet i 2023!

INNETEKTSFORDELING

Inntekter	2023	2022	2021
Medlemskontingent kommunane	3 191 212	3 096 988	2 878 777
Friluftsrådernes Landsforbund adm.tilskot	698 600	672 500	637 000
M&R fylkeskommune adm.tilskot	269 000	260 000	237 000
M&R fylkeskommune tilskot anlegg (ikkje utbet i 2023)*		530 000	1 207 000
Friluftsrådernes Landsforbund tilskot anlegg/tilrettelegging		30 000	
M&R fylkeskommune tilskot friluftslivsaktivitetar	636 750	420 000	551 000
Friluftsrådernes Landsforbund tilskot friluftslivsaktivitetar	1 290 000	1 053 000	1 432 200
Gjensidigestiftelsen tilskot Slå på Ringen/friluftskule	600 000	200 000	
Sparebanken Møre tilskot Slå på ringen	600 000	700 000	1 025 000
Røde Kors MR tilskot Slå på ringen	250 000		
Lions Club Ålesund tilskot Slå på ringen	50 000		
Miljødir. investeringstilskot «Rigmor» skjergardstenesta	237 000	237 000	237 000
Miljødirektoratet driftstilskot skjergardstenesta	1 450 000	1 380 000	1 300 000
M&R fylkeskommune driftstilskot skjergardstenesta	729 330	518 000	463 500
Friluftsrådet Nordmøre og R. driftstilskot skjergardstenesta	200 000	160 000	156 000
Sunnmøre friluftsråd driftstilskot skjergardstenesta	600 000	600 000	577 500
Andre tilskot skjergardstenesta	340 000	320 000	350 000
Tilskot innvilga, ikkje utbet./andre tilskot	35 000	172 000	- 414 500
Handelens Miljøfond tilskot frivilleg rydding	476 000		
Miljødirektoratet tilskot marin forsøpling	1 900 000	2 280 000	2 220 000
Handelens Miljøfond Rydd Norge utbet. Rydd ytre kyst	3 380 739		
Salsinntekter, refusjonar etc marin forsøpling		1 528 287	
Salsinntekter nettbutikk m.m.	1 014 346	1 329 996	1 090 686
Gevinst ved sal driftsmidlar	156 383		
Leigeinntekter	50 000		
Andre driftsinntekter	105	242 128	455
Sum inntekter	18 154 465	15 729 899	13 948 618

KOSTNADSFORDELING

Utgifter	2023	2022	2021
Lønn	8 437 494	7 360 800	7 136 969
Varekostnader	4 153 385	2 762 534	3 174 006
Avskrivningar	369 100	369 900	362 320
Andre driftskostnader	5 164 219	4 209 409	4 123 327
Sum utgifter	18 124 198	14 702 643	14 796 622
Sum driftsresultat	30 267	1 027 256	- 848 004
Finanspostar	2023	2022	2021
Finansinntekter	112 162	32 397	10 513
Finanskostnader	1 473	639	1 017
Netto finansposter	110 689	31 758	9 497
Ordinært resultat inkl. finanspostar	140 956	1 059 014	- 838 507

Vedlegg til årsrapporten

Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane

Dei fleste medlemskommunane til friluftsrådet har eitt eller fleire statleg sikra friluftsområde, og nye kjem til etter kvart som kommunane får kunnskap om denne ordninga. Friluftsrådet har fullt driftsansvar for ni av

dei, og delansvar for tiltak (t.d. toalett) i fleire av dei andre. Søknader om midlar til nye tilretteleggingstiltak i sikra friluftsområda blir sendt kvart år i samråd med kommunane.

Oversikt over friluftsområde der friluftsrådet har ansvar

Kommune	Namn	Areal/da	Eigar	Sikringsstatus	Tilrettelegging
Giske	Blimsanden	10	Privat	Regulert	1 Toalett, tilkomstveg, vegbom
Sula	Langevågs-holmane	114,3	Staten	Statleg sikra	Turstiar, 3 brygger, kai, bål-plassar, toalett. Benkar.
	Brendholmen	6,1	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, toalett
	Eikrem		Kommunen	Statleg sikra	Grindbygg, toalett
Vestnes	Vassetvatnet	101,6	Kommunen	Statleg sikra	Reiskapshus m/toalett
	Bolvika		Staten	Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg, turs-tiar, servicebygg med toa-lett, gapahuk og bål-plassar, bade/fiskemolo, 2 stk. vegbommar
Vestnes	Kråkvika	165	Kommunen	Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg m/bru, parkeringsplass
	Leirvågen				
Ålesund (Haram)	Gurinesbukta	5,4	Kommunen		Parkeringsplass, veg, bade/fiskebrygge, rullestolrampe, toalett, badestrand, bålplasser, grindbygg. Slåttemark.
Ålesund (Skodje)	Mauren	315,5	Staten	Statleg sikra	Turveg, tursti, 2 p-plasser. Gjestebrygge. Muldo.
	Brauta	80	Kommunen	Komm.eigedom – regulert	servicebygg med toalette
Håhjem					Tursti, P-plass, vegbom, toalett, gapahuk, bål-plass
Ålesund (Ørskog)	Skråvika og Osberget	10	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, turveg, toalett, badstu, vegbom, badestrand, stupebrett, info.skilt
Ålesund (Ellingsøyfjord og Borgundfjord)	Svinøya	227,4	Staten	Statleg sikra	2 toalett, turstiar, natur- og kultursti, 2 gjestebrygger, grillplasser, kystleihytte, trapper, slåttemark. Kai, turstiar, toalett
	Vikholmen	90	Kommunen	Komm. sikra	
	Hundsvær	80	Kommunen	Komm. sikra	
	Stafsethneset	28,2	Kommunen	Statleg sikra	
Fjord (Stordal)	Øyna	49,5	Privat		Gjestebrygge, skogrydding. Slåttemark, parkeringsplass, brygger, toalett, vegbom, bål-plass, sandstrand, tuslesti mm.
Stranda	Helsemvika		Kommunen	Statleg sikra	2 bruer, 2 toalett Slåttemark
SUM		1423,5 da			Grindbygg bål-plass

I tillegg har Friluftsrådet heilt eller delvis ansvaret i desse områda:

- Sti mellom Alnes og Juv i Giske kommune
- Vassetvatnet friluftsområde i Sula kommune
- Parrvika friluftsområde i Ålesund kommune
- Tueneset friluftsområde (Hessa/Skarbøvik) i Ålesund kommune
- Spjelkavikelva friluftsområde i Ålesund kommune
- Murvika friluftsområde (Skodje) i Ålesund kommune
- Parkeringsplass ved Storsætra i Ålesund kommune

Generelt sett gir friluftsrådet faglege råd og rettleiingar til andre for stibygging og tilrettelegging, samt bygging av gapahukar, parkeringsplassar m.m. Vi gir også råd og hjelp i søking av midlar til dette.



Toalett i idylliske Murvika på Skodje i Ålesund.



Gurinesbukta ved Vatne i Ålesund kommune.



Den trondhjemske postveg mellom Ålesund og Vestnes.



Gapahuk, parkbenk og bålpanne ved Vassetvatnet i Sula kommune.

Oversikt egedelar i Sunnmøre friluftsråd (KO)

Gjenstandar	Kommune	Lokalisert	Gjenstandar	Kommune	Lokalisert
Gjestebrygger og kaier	Giske	Godøya - Ytterland	Toalett/reiskapsbu	Ålesund	Mauren
	Fjord	Dyrkorn 1 Stk		Vestnes	Svinøya
	Sula	Storholmen 2 stk			Kråkvika
		Brennholmen	Gapahuk/grindbygg	Ålesund	Stafsethneset (ny 2021)
	Ålesund	Dampskipskaia 1 stk			Gurinesbukta
		Skodje 1 stk		Sula	Lervågen
		Svinøya 2 stk			Håhjem
		Hundsvær 1 stk			Storholmen (ny 2023)
		Vikholmen 1 stk			Vassetvatnet
		Stafsethneset 1 stk	Vestnes	Kråkvika	
		Gurinesbukta 1 stk	Stranda	Helsemvika (ny 2020)	
Bruer	Fjord	Store Ådalselva	Bålplass	Vestnes	Kråkvika 1 stk
		Elvabyttet		Ålesund	Stafsethneset
		Øyna			Svinøya
	Ålesund	Fosslibrua (Måslia)		Vikholmen	
		Postvegen over	Sula	Storholmen	
		Tverrelva			
		Mevatnet	Informasjons-tavler	Sula	Eltrane
	Vestnes	Kråkvika 3, Leirvågen 1			Sandvika
				Ulstein	Kjerringnesvatnet (ny 2020)
				Giske	Godøya (3stk)
Toalett	Giske	Blimsanden	Ålesund	Stafsethneset	
	Sula	Eikrem		Osberget	
		Storholmen		Skråvika	
		Vassetvatnet			
		Overøye 2			
	Fjord	Norrdalsstranda	Bade-/fiskebryggje	Vestnes	Kråkvika
	Haram	Gurinesbukta		Ålesund	Gurinesbukta
		Gjersetvatnet			
	Ålesund	Murvika	Skjellsand påført badestrand	Sykkylven	Haugneset (2021)
		Håhjem			Bolvika (2020)
		2 stk. Svinøya		Ålesund	Stafsethneset
		Vikholmen			
	Parrvika				
	Tueneset				
	Lillevatnet				
	Sandingane				
	Stafsethneset				
	2 stk. Voldsdalsberga				
	Skråvika				
	Brauta				
	Vaksvikfjellet				
	Hundsvær (ny 2023)				

Andre eigendelar:

Handreiskap og verktøy, Beitepussar og slåmaskinar, Tilhengarar og båthengar, to arbeidsbåtar m/motor, Leasing fire arbeidsbilar, Diverse aktivitetsutstyr, Utstyrsbase med kajakkar og kajakkhengarar, lavvoar, truger, hengekøyer, bålpanner m.m.
To færingar: Linge og Leia
Diverse kontor- og pc-utstyr

Gjeldande samarbeidsavtale for Sunnmøre friluftsråd (KO)

Deltakarkommunane har i 2020 vedteke å organisere Sunnmøre friluftsråd som Kommunalt Oppgåvefelleskap (KO) etter kapittel 19 i Kommunelova. Deltakarkommunane har i 2020 vidare vedteke denne samarbeidsavtala. Deler av teksten i samarbeidsavtala er oppdatert av representantskapet i 2021.

§ 1 – NAMN PÅ OPPGÅVEFELLESKAPET

Namnet på oppgåvefelleskapet er Sunnmøre friluftsråd, kommunalt oppgåvefelleskap, som kan forkortast til Sunnmøre friluftsråd (KO), i det følgjande kalla «friluftsrådet».

§ 2 - DELTAKARKOMMUNAR

Friluftsrådet består av kommunane Giske, Fjord, Haram, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vestnes, Volda, Ørsta, Vanylven og Ålesund. Nye deltakarkommunar skal godkjennast av representantskapsmøtet.

§ 3 - FORMÅL

Folkehelse er fundamentet i alt Sunnmøre friluftsråd (KO) gjer. Vi skal, i samarbeid med deltakarkommunane, andre offentlege styresmakter, organisasjonar og frivillige, fremje allsidig og miljøvennleg friluftsliv i regionen. Vi skal stimulere til friluftsliv til beste for trivsel og helse for alle og skape større forståing for nytten av friluftsliv.

- Administrasjonen i friluftsrådet skal fungere som kompetansesenter for friluftsliv for deltakarkommunane og andre samarbeidspartar, vere ein pådrivar og ein høyringsinstans i viktige saker for friluftslivet.
- Friluftsrådet skal legge til rette for fysisk aktivitet for barn og unge.
- Friluftsrådet skal arbeide med sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag.
- Gjennom Skjergardstenesta Møre og Romsdal skal friluftsrådet gjere sjøbaserte friluftslivsområde attraktive og tilgjengelege.
- Friluftsrådet skal jobbe for ei reinare fjøre. Vi koordinerer, legg til rette for frivillig og profesjonelt arbeid mot marin forsøpling.

§ 4 - ORGANISASJON

Dei faste organa til friluftsrådet er representantskapet, styret og dagleg leiar. Styret kan velje å opprette arbeidsutval som omtalt i § 7 og eit fagleg samarbeidsforum som omtalt i § 9.

Friluftsrådet er tilslutta Friluftsrådernes Landsforbund.

§ 5 - REPRESENTANTSKAPSMØTE

Representantskapsmøtet er høgste styresmakt i friluftsrådet og skal haldast innan utgangen av mars kvart år.

Kvar deltakarkommune skal velje 2 representantar med vara til representantskapsmøtet for heile kommunevalperioden. Deltakarkommunar med meir enn 20.000 innbyggjarar møter også med 2 representantar, men stemmene vert vekta etter innbyggjartal (vektig: 40.000 innbyggjarar gir 4 stemmer og 60.000 innbyggjarar gir 6 stemmer).

I samsvar med Kommunelova skal begge kjønn vere representerte når det blir valt 2 eller fleire representantar. Styremedlemmane møter med tale- og forslagsrett i representantskapsmøtet.

Representantskapsmøtet er også ope for andre interesserte. Representantskapsmøtet avgjer i kvart enkelt høve om andre frammmøtte skal ha talerett i ei eller fleire saker på møtet. Representantskapsmøtet er vedtaksført når det er lovleg innkalla og kunngjort i samsvar med samarbeidsavtalen. Representantskapsmøtet skal kallast inn etter vedtak i styret, og med minst 4 veker skriftleg varsel. Sakliste og saksdokument skal ligge ved innkallinga. Vedtak fatta av representantskapsmøtet er gyldige for alle deltakarkommunane. Alle vedtak på representantskapsmøtet skal avgjerast med vanleg fleirtal. Unntaket er sakene som etter vedtektene krev kvalifisert fleirtal. Ved stemmelikskap i saker som krev vanleg fleirtal, avgjer dobbeltstemma til leiaren, sekundært vara for leiar.

Godtgjersle for representantskapsmedlemmane er omtalt i «Reglement for reise- og kostgodtgjersle for styret og representantskapet i Sunnmøre friluftsråd».

Representantskapsmøtet skal:

- Godkjenne innkalling, sakliste og utsendingar
- Velje ordstyrar, sekretær og 2 representantar til å signere møteboka
- Godkjenne eventuelle nye deltakarkommunar, jf. § 2
- Handsame årsrapport til styret, som skal gjere greie for gjennomføringa av fjorårets arbeidsplan og oppfylle krava til rapportering frå deltakarkommunane
- Godkjenne rekneskap med revisjonsmelding
- Vedta handlingsplan og årets arbeidsplan
- Vedta budsjett, og eventuelle prosjekttilskot eller andre bidrag frå deltakarkommunane.
- Fastsette neste års tilskot (kontingent) for deltakarkommunane. Ein auke utover 2% frå året før krev 2/3 fleirtal på representantskapsmøtet, jf. § 10
- Vedta eventuelle endringar i godtgjerslesatsar for styret
- Handsame innkomne saker
- Vedta eventuelle endringar i samarbeidsavtalen, jf. § 11



12. Velje:

- Styre med personlege vara i samsvar med teksten under
- Leiar og nestleiar i styret mellom medlemmane i det alt valde styret
- Revisor, veljast for eitt år
- Valnemnd på 3 medlemmar (veljast for tre år) og 1 varamedlem (veljast for eitt år)

Nærare om val til styret, jf. punkt 12 a:

Kvar deltakarkommune har 1 styremedlem med personleg vararepresentant pr. 20.000 innbyggjarar, men ikkje fleire enn 3 medlemmar frå kvar kommune.

Ein tilsettrepresentant tiltrer styret med tale- og forslagsrett.

Medlemmane i styret har ei funksjonstid på to år. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmane med vara vere på val kvart år. Det er deltakarkommunane som vel sine styremedlemmar med personleg vara i forkant av representantskapsmøtet., personleg vararepresentant vert vald for same tidsperiode styremedlem. For kommunar (over 20.000 innbyggjarar) med fleire styremedlemmar skal begge kjønn vere representerte på fast plass, jamfør kommunelova. For kommunar med eitt styremedlem skal medlem og personleg vara vere av ulikt kjønn. Det skal samla sett vere minst 40 % av kvart kjønn i styret. Styret skal legge fram ei gyldig styresamansetning til representantskapsmøtet. Dersom val av styrerepresentantar frå kommunane samla sett ikkje oppfyller 40%-regelen, kan det bli aktuelt å bytte om på fast og varaplass av nye styrerepresentantar. Samansettinga vert i så fall avgjort ved loddtrekning eller etter frivillig avtale mellom kommunane. Eit styremedlem kan maksimalt sitte 8 år samanhengande i styret.

Alle val skal vere skriftlege dersom nokon ber om det. Når kandidatar skal veljast enkeltvis og ingen av kandidatane oppnår fleirtal, skal det gjennomførast omval mellom dei to kandidatane som fekk flest røyster. Er det etter omvalet like mange røyster på kvar kandidat, skal valet avgjerast ved loddtrekning.

§ 6 - EKSTRAORDINÆRT REPRESENTANTSKAPSMØTE

Ekstraordinært representantskapsmøte kan innkallast med minst 3 vekers skriftleg varsel etter vedtak i styret, eller når 2 eller fleire av deltakarkommunane krev dette skriftleg.

Saklista skal leggjast ved innkallinga. Ekstraordinært representantskapsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnde i innkallinga, og er vedtaksført med dei framførte representantane. For vedtak gjeld same reglane som i det ordinære representantskapsmøtet.

§ 7 - STYRET

Styret har leiaransvaret for friluftsrådet mellom representantskapsmøta.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades. Alle vedtak i styret vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom det vert like mange røyster for og imot, avgjer leiaren med dobbeltstemme.

Leiaren avgjer når styret skal møtast. Styret kan også innkallast når eit fleirtal av styremedlemmane ønskjer det. Nestleiar tek over møteleiinga dersom leiar ikkje kan møte.

Arbeidsoppgåvene til styret er mellom anna:

- Tilsette dagleg leiar og fastsette stillingsinstruks og løn for vedkomande, jf. § 8.
- Fremje oppgåvene til friluftsrådet i samsvar med samarbeidsavtalen, handlings- og arbeidsplan og vedtak i representantskapsmøte.
- Leie drifta i friluftsrådet og ha ansvar for økonomistyring i samsvar med vedtatt budsjett.
- Å kunne gi fullmakter (økonomisk og juridisk).
- Ha ansvar for at det vert ført rekneskap, og ført protokoll over alle møte og forhandlingar.
- Sende referat frå representantskapsmøte og styremøter til alle deltakarkommunane, til fylkeskommunen og til Friluftsrådernes Landsforbund.
- Førebu saker til representantskapsmøte jf. § 5 med framlegg til vedtak.

Styret kan velje eit arbeidsutval blant medlemmane, leiar og nestleiar inngår i arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet kan førebu saker for styret og fatte vedtak etter delegering frå styret. Dette omfattar avgrensa oppgåver som t.d. lønnsutval, konkrete prosjekt og liknande. Arbeidsutvalet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei styret på førehand gir fullmakt til.

Godtgjersle for styret følgjer «Reglement for reise- og kostgodtgjersle for styret og representantskapet i Sunnmøre friluftsråd». Godtgjerslesatsar er omtalt i § 5 pkt. 9.

§ 8 - DAGLEG LEIAR/ADMINISTRASJON

Dagleg leiar har resultatansvar mot styret, det overordna administrative ansvaret for den daglege drifta av friluftsrådet og personalansvaret for dei tilsette. Dagleg leiar skal gjennomføre arbeidsoppgåver, retningslinjer og pålegg gitt i styrevedtak. Oppgåver og ansvar skal gjennomførast på ein måte som er i samsvar med friluftsrådets formål gitt i § 3.

§ 9 - FAGLEG SAMARBEIDSFORUM

Styret kan be deltakarkommunane ved rådmann/kommunedirektør å oppnemne personar frå kommuneadministrasjonen til eit administrativt fagleg samarbeidsforum/eit fagråd for friluftsrådet. Medlemmane bør representere den eller dei etatar/einingar som arbeider med friluftsliv i kvar kommune. Også andre friluftsansisasjonar m.v. kan få tilbod om å møte. Dagleg leiar innkallar til møta i samarbeidsfor-

umet og leier møta. Forumet tek opp saker av praktisk og administrativ karakter, og er eit forum for samordning og erfaringsutveksling. Deltakarane kan hjelpe dagleg leiar med førebuing av saker for styret.

§ 10 - ØKONOMI

Friluftsrådet er eit eige rettssubjekt som fører eigen rekneskap.

Deltakarkommunane skal betale eit årleg tilskot (kontingent) til verksemda. Representantskapsmøtet avgjer eit årleg tilskot som ein sum pr. innbyggjar i kvar deltakarkommune, basert på folketalet frå Statistisk Sentralbyrå føregåande år. Framlegg som inneber meir enn 2% reell auke i kontingenten frå deltakarkommunane krev 2/3 fleirtal på representantskapsmøtet. Friluftsrådet kan ikkje ta opp lån eller pantsette eigedom utan at dette er godkjent av deltakarkommunane på førehand.

§ 11 – ENDRINGAR I SAMARBEIDSAVTALEN

Endringar i samarbeidsavtalen kan berre gjerast på representantskapsmøte, eller ekstraordinært representantskapsmøte, og krev 2/3 fleirtal.

§ 12 - UTMELDING

Ein deltakarkommune kan melde seg ut av friluftsrådet etter skriftleg varsel og lovleg fatta vedtak i kommunen.

Utmeldinga blir først gyldig når kommunen har betalt deltakarkontingenten også for det året utmeldinga tek til å gjelde. Deltakarkommunar som går ut av samarbeidet tek over oppgåvene friluftsrådet har utført for kommunen. Eventuelle friluftsområde friluftsrådet eig i vedkommande kommune skal overførast til kommunen. Utover dette har ikkje kommunar som går ut av samarbeidet krav på eigedommar eller verdjar.

§ 13 - OPPLØYSING

Oppløysing av friluftsrådet kan berre vedtakast på eit ordinært representantskapsmøte og med minst 2/3 fleirtal. Framlegg om oppløysing må vere oppført på saklista som medlemmane må ha fått tilsendt minst 14 dagar før møtet. Blir oppløysing vedtatt med minst 2/3 fleirtal, skal det haldast ekstraordinært representantskapsmøte 3 månader seinare, med oppløysing på saklista. Dersom friluftsrådet blir oppløyst skal alle omsettelege aktiva seljast. Saman med andre kontante midlar skal verdiane delast mellom deltakarkommunane, i samsvar med kontingenten frå kvar enkelt. Kvar kommune tek over oppgåvene friluftsrådet tidlegare har utført.

§ 14 - TOLKING AV SAMARBEIDSAVTALEN - VOLDGIFT

Dersom det oppstår tvist mellom samarbeidskommunar om tolking av avtalen, og det ikkje er råd å bli samde, skal tvisten avgjerast ved voldgift etter Tvistemålslova.

§ 15 - GYLDIG FRÅ

Samarbeidsavtalen vart gyldig frå det tidspunkt i 2020 at kommunestyra i deltakarkommunane fatta vedtak om at dei sluttar seg til avtalen. Nye kommunar som vedtek å melde seg inn i friluftsrådet etter 2020, aksepterer samtidig gjeldande samarbeidsavtale.



Sunnmøre friluftsråd

Stettevegen 73
6260 Skodje

post@friluftsradet.no



